

Årsmelding 2024

Osterøy

Innleiing frå Kommunedirektør

Føreord frå Kommunedirektør - Innleiing til årsmelding

Vi legg med dette fram årsmelding og rekneskap for 2024. Nok eit år med stor aktivitet er tilbaketrukket. Det er produsert mange tenester i løpet av året, og presset på dei tilsette er høgt. I samband med årsmelding og rekneskap vert det ofte meir fokus på rekneskapsresultat fram for alle dei tenestene som er ytt gjennom året. Det er viktig å ha kontroll på økonomien, men vi må ikkje gløyme at vi leverer mange og gode tenester til innbyggjarane. Fokus vert ofte på det vi ikkje får til, og der vi ikkje er gode nok. Sanninga er at budsjett disiplinen er god og i dei alle fleste tilfelle yter vi god og forsvarleg hjelp til dei som treng dette frå kommunen.

Regnskapsmessig hadde vi eit diverre stort meirforbruk og rekneskapen vart gjort opp med eit underskot på 20,2 mil kroner. Dette er eit stort underskot for oss og fører til at netto driftsresultat utgjer - 2,2 % av brutto driftsinntekter. Etter at vi har brukt det som sto i gjen på Disposisjonsfondet har vi eit fremførbart underskot på 2,4 mill. Dette må vi dekkje inn i 2025 og 2026. Til samanlikning hadde kostragruppe 1 som vi er ein del av, eit netto driftsresultat på - 1,6% av brutto driftsinntekter i 2024.

Det er fleire årsaker til meirforbruket i høve vedteke budsjett for 2024. For første gang på mange år vart skatteinntektene lågare enn det som var varsla i statsbudsjett og revidert statsbudsjett for 2024. Budsjetttrammene våre er knappe og det er vanskeleg å ta inn igjen ein svt i frie inntekter. Vi fekk og omlag 50 nye elevar hausten 2024 då Hamre Kristne grunnskulen valde å leggje ned drifta. Trekket i tilskot til private skular vert ikkje korrigerert før i 2026, men kommunen paktar å tilby alle elevar skuleplass. Noko av avviket mellom budsjett og rekneskap skuldast og at vi ikkje hadde teke tilstrekkeleg høgd for utgifter til vikarar grunna sjukdom og vakansar.

Rekneskapsresultatet syner at vi har for høg aktivitet i høve midlar vi har til disposisjon. Dersom vi skal redusere kostnadene må vi og redusere aktiviteten og kvaliteten. Det betyr diverre strengare prioritering og færre tenester, færre tilsette og lenger ventetid. Prioritering betyr også å velje bort, ikkje berre gjere mindre av dei vi alt gjer. Vi klarer ikkje å organisere oss ut av den økonomiske utfordringa. Vi må også redusere tenesteytinga. Men her vert vi fort stoppa av lov-krav og individuelle rettar. Dette er den store utfordringa vi som kommune står i.

Vi har fokus på behovet for endring og at kommunen slit med å frigjere ressursar til naudsynt endringsarbeid. Det er lett å gløyme at vi endrar oss heile tida, innanfor den drifta og dei ressursane vi har. Innføring av nye digitale løysingar, skifte av sakshandsaming-system, innføring av løysingar basert på velferdsteknologi er døme på endring som skjer i kvardagen. Nye system og rutinar gjer at vi endra måten å jobbe på, men vi tenkjer ikkje alltid på dette som endring. Nye fagsystem og løysingar, gjer at vi får andre oppgåver som må løysast, og at vi treg anna type kompetanse. Vi kan frigjere arbeidskraft ein stad, men må bruke ressursane til andre oppgåver som til dømes kontrolloppgåver. Strek fokus på rettar og dokumentasjon gjer at vi treng fleire ressursar til sakshandsaming og kontroll.

Eg opplever Osterøy kommune som ein organisasjon med stor endringsvilje. Leiarane og tilsette er både positive og nysgjerrige på nye måtar å løyse oppgåver på. Hindringane ligg ofte i form av juridiske skrankar, og individuelle rettar vi ikkje kan sjå bort frå. Det er difor vanskeleg for ein einskild kommune å løyse gapet mellom kravet til tenester og tilgjengelege ressursar på eige hand. Vi veit at den kommunale drifta ikkje er berekraftig på sikt. Dette gjeld ikkje berre Osterøy kommune men heile sektoren. Vi veit at det vert født færre born, medan talet på eldre går opp. Heldigvis har fleire og fleire eldre god helse og klarer seg sjølve til tross for høg alder. Det som gir grunn til uro framover er veksten i det vi kallar yngre-omsorga. Spørsmålet er korleis vi skal klare å halde oppe tenestenivået når vi veit at

det er fleire som går ut av arbeidslivet enn dei som kjem inn. Om få år er det ikkje nok folk til å fylle ledige stillingar. Kommunen er ikkje åleine om å konkurrere om dei unge som skal inn på arbeidsmarknaden. Skal vi klare det grønne skiftet treng industrien vel så mange nye hender som offentleg sektor. Korleis vi skal klare naudsynt omstilling innanfor tilgjengelige ressursar vert dei store politiske spørsmåla som må løysast i åra som kjem.

I den kommunale planlegginga og prioriteringa klarer vi ikkje å sjå langt nok fram. Det politiske og administrative fokus er i stor grad prega av her og no framfor det som ligg framføre oss dei neste åra. Det er ein del av forklaringa på kvifor vi ikkje i stor nok grad klarer å fange opp endringar i behov i kommunale budsjett og økonomiplanar. Vi må bli betre på langsiktig planlegging og gjere tydeligare prioritering i komande budsjett og økonomiplanar.

Eg vil takka alle tilsette for innsatsen i 2024. Det vert ytt mange timar med godt arbeid i alle sektorar. Vi kunne ikkje levert gode tenester til innbyggjarane våre utan alle tilsette som kvar dag og natt yter sit beste. Kommunesektoren er ein arbeidskraftintensiv sektor, der det personlege møtet mellom den som gir tenester og den som mottek tenester ofte vert målet på kvaliteten vi yter. Eg veit at det er krevjande å arbeide i ein kommune der ressursane ikkje strekk til. Eg veit at mange står i vanskelege og krevjande situasjonar grunna dette kvar einaste dag. Det er ikkje fordi eg som kommunaldirektør ikkje ser eller forstår at belastninga er stor, vi ikkje gjer noko med dette. Men når vi verken har nok pengar eller får tak i kvalifiserte tilsette, er det vanskeleg å gjere noko med bemanninga. Framover må vi klare å prioritere enda strengare kva vi kan og skal gjere. Det vert både eit politisk og eit administrativt ansvar å vere tydeleg på dette.

KOSTRA-tall syner at 46,2 prosent av alle tilsette i Osterøy kommune var sysselsett i helse og omsorg i 2024. Dette er ei auke frå 45,6 i 2023. I grunnskule syner tala at sysselsetjinga har gått ned. I 2024 var 21,0 prosent dei tilsette i Osterøy kommune tilsett i grunnskulen. Talet for 2023 var 21,2 prosent. For barnehage er delen av tilsette 10,1 prosent i 2024 mot 10,9 prosent i 2023. Resterande 22,7 prosent er fordelt på drift av bygg, vegar og kommunaltekniske anlegg, sakshandsaming innan plan, byggjesak, landbruk, brannvern og redning, kultur og idrett, dokument-handtering, informasjon og publikumsservice, personal og økonomi, tilrettelegging og drift av politiske organ og administrativ leiding av kommunen med meir. Det er ein auke på 0,3 frå 2023.


Helsing

Ingvild Hjelmtveit

Kommunedirektør

Slik er kommunen organisert i 2024

Osterøy kommune



Politisk organisering

Dei ulike partia er representert slik:

Politisk organisering	SP	FRP	H	AP	KRF	SV	Venstre	INP	U
Heradsstyret (27 medlemmer)	7	6	4	4	2	1	1	1	1
Formannskapet (7 medlemmer)	2	2	1	2					
Administrasjonsutvalet (10 medlemmer)	2	1	1	2					
Plan- og kommunalteknisk utval (5 medlemmer)	1	1	1	1	1				
Kontrollutvalet (5 medlemmer)	1		1	1	1				1


Årsmelding 2024

Valstyret (5 medlemmer)	2	1	1	1					
Arbeidsutval for innstilling i valsaker (5 medlemmer)	1	1	1	1	1				
Klagenemnd (7 medlemmer) - <i>Som formannskapet</i>	2	2	1	2					
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (6 medlemmer)	1								
Levekårsutvalet (5 medlemmer)	1	1			1	1	1		
Ungdomsrådet (10 medlemmer)				1					
Eldrerådet (6 medlemmer)	1								

Administrativ organisering

Kommunedirektøren sitt leiarteam består av kommunedirektøren, tre kommunalsjefar og tre stabssjefar. Saman utgjør dei den øvste leiinga i kommunen og har ansvar for å sikre ein velfungerande organisasjon som leverer gode tenester til innbyggjarane. Organisasjonskartet viser tre sektorar, der kvar sektor blir leia av ein kommunalsjef. Desse sektorane er vidare delte inn i einingar, og kvar eining har sin eigen einingsleiar. Unntak frå denne strukturen finn ein i NAV, Teknisk forvaltning og Plan, som ikkje har avdelingsleiarar. I sektoren Oppvekst, undervisning og kultur, under eininga Skule, er det eit ekstra leiarnivå under rektor. Dette leiarnivået er ikkje synleg i organisasjonskartet, men det spelar likevel ei viktig rolle i styringa og utviklinga av skuleverksemda. Dei tre stabseiningane har ei sentral rolle i kommunen si organisering. Dei fungerer som støtte for sektorane og bidreg til å sikre god fagleg utvikling og kvalitet innanfor sine ansvarsområde. Samstundes har dei eit sjølvstendig leiingsansvar for sine fagfelt, og dei skal bidra til at kommunen når sine mål og leverer tenester av kvalitet.

Organisasjonskart



Visjon og verdigrunnlag

Visjon

Visjonen for Osterøy kommune sin organisasjon er: «**Saman om gode tenester**». Den representerer det grunnleggjande målet som alle i kommuneorganisasjonen arbeider mot. Denne visjonen inneheld fleire sentrale budskap som fortel om korleis kommunen ønskjer å arbeide og utvikle seg. I omgrepet "saman" ligg også ei erkjenning av at ingen lykkast åleine, og at dei beste løysingane oppstår når ulike perspektiv og kompetansar møtest. Dette fordrar ein inkluderande organisasjonskultur der alle vert høyrde og sett. «Gode tenester» viser til kommunen sitt hovudoppdrag: å levere tenester til innbyggjarane. Dette omfattar alt frå barnehage til eldreomsorg, tekniske tenester og kulturliv. Tenestene skal vere fagleg solide, tilpassa behova til innbyggjarane, ressursmarte og framtidsretta.

Verdiar

Verdiane våre legg grunnlaget for ein effektiv organisasjon og eit godt arbeidsmiljø. Dei motiverer oss og viser kva som kjenneteiknar oss både internt og eksternt. Verdigrunnlaget består av fire kjerneverdiar:

Respekt, Omsorg, Tydeleg og Ærleg.

Respekt

Respekt handlar om å anerkjenne verdien til kvart menneske og møte alle med openheit. Det betyr å verdsetje mangfald i meiningar og kompetanse, lytte aktivt og ta andre sine synspunkt på alvor. I praksis viser det seg gjennom korleis me kommuniserer med kvarandre.

Omsorg

Omsorg betyr å bry seg om kollegaer og skape eit inkluderande arbeidsmiljø. I møte med innbyggjarane viser det seg gjennom empati og vilje til å finne gode løysingar. Omsorg handlar om å sjå heile mennesket og bidra til god livskvalitet.

Tydeleg

Å vere tydeleg handlar om klar kommunikasjon utan rom for misforståingar. Det omfattar definerte roller og ansvar, presise mål og konsekvente avgjerder. I møte med innbyggjarane viser det seg gjennom klart språk og forstålege grunngjevingar. Tydelegheit skapar tryggleik og tillit.

Ærleg

Ærleg handlar om å vere open om både moglegheiter og utfordringar. Det inneber å gje sannferdig informasjon og halde det ein lovar. I det daglege arbeidet viser det seg gjennom openheit om feil og vilje til å lære. Det skapar ekte relasjonar og viser integritet.

Verdiane i praksis

Desse verdiane er ikkje berre fine ord, men aktive verktøy for å utvikle organisasjonen. Dei sikrar god ressursbruk, realistisk planlegging og betre løysingar. Verdiane byggjer ein kultur der tilsette kjenner seg verdsette og motiverte. Tydeleg leiing gir retning, ærleg kommunikasjon skapar tillit, respekt opnar for

nytenking, og omsorg byggjer fellesskap. Saman førebyggjer verdiane konflikhtar, skapar tryggleik og løyser problem tidleg.

Arbeidsgjevaren Osterøy kommune

Kommuneorganisasjonen er den største arbeidsplassen på Osterøy. Pr 31.12.2024 hadde kommunen 873 tilsette delt på 660,44 årsverk. Talet på tilsette har auka med 37 personar og årsverk er auka med 29,85 i 2024. Auken kjem i sektor Helse, omsorg og sosial og oppvekst, undervisning og kultur.

Årsverk pr. sektor

Sektor	2021	2022	2023	2024
Rådmann og stab	27,42	27,22	28,10	25,60
Oppvekst, undervisning og kultur	273,39	278,60	279,38	288,33
Helse, omsorg og sosial	246,38	265,04	273,54	296,27
Samfunnsutvikling	48,73	45,12	49,57	50,24

Digitalisering av tenester

Framsikt

Framsikt er eit digitalt system for økonomirapportering og økonomistyring som Osterøy kommune har brukt sidan 2022. Dette programmet representerer ei vesentleg modernisering av korleis kommunen handterer dei økonomiske prosessane sine. Systemet knyter saman ulike delar av kommunal økonomistyring på ein heilskapleg måte. Det er særskilt utvikla for å møte dei spesielle behova kommunen har når det gjeld budsjettering, rapportering og økonomisk planlegging.

Systemet gjer det enklare for kommuneadministrasjonen å utarbeide heilskaplege budsjett, følgje opp den økonomiske utviklinga kontinuerleg, samanlikne eigne tal med andre kommunar og presentere økonomiske data på ein forståeleg måte for politikarar og innbyggjarar.

Framsikt er bygd opp som ei skyløysing som samlar all økonomisk informasjon på éin stad. Dette gjer det mogleg for ulike avdelingar i Osterøy å arbeide i same system, noko som sikrar at tala stemmer overens og reduserer dobbeltarbeid.

IKT-samarbeidet

IKT Nordhordland utgjer eit omfattande interkommunalt samarbeid på IKT-området som har skapt betydelege fordelar for oss. Dette samarbeidet har gjennom åra utvikla seg til å bli eit føredøme på korleis kommunar kan arbeide saman for å styrke den digitale infrastrukturen og tenestene våre.

Det økonomiske aspektet er ein av dei mest tydelege fordelane med IKT-samarbeidet. Ved å slå saman ressursane våre har vi oppnådd vesentlege stordriftsfordelar. Vi kan fordele kostnadene til innkjøp av programvare, lisensar og maskinvare på alle kommunane i samarbeidet. Dette gir betre innkjøpsvilkår og rabattar når ein kjøper inn større volum. Samarbeidet reduserer også behovet for at kvar kommune har ein fullskala IKT-avdeling, noko som gir lågare personalkostnader totalt sett. Investeringar i digital infrastruktur vert meir kostnadseffektive når fleire kommunar kan nytte dei samtidig.

KF-delegering

KF Delegering er eit system som gjer det mogleg å digitalisere og systematisere delegeringsreglementet i Osterøy kommune. Systemet er utvikla av Kommuneforlaget (KF), som er ein leiande leverandør av digitale løysingar til kommunesektoren.

Systemet har fleire sentrale funksjonar som hjelper kommunen med å skape ein digital oversikt over all delegert mynde i Osterøy. Det definerer tydeleg kva mynde som er delegert frå kommunestyret til andre politiske organ, kommunedirektøren og vidare nedover i administrasjonen. KF Delegering gjer det enkelt å søkje opp kven som har mynde til å ta ulike avgjerder, og å halde delegeringsreglementet oppdatert i tråd med lovendringar. Ein sentral funksjon er også at det skapar meir openheit og transparens rundt avgjerdsstrukturen i kommunen. Arbeidet vart ferdig i 2024 og er venta teke i bruk i 2025.

JobbNorge

Jobb Norge er ei digital plattform for arbeidsformidling som har vorte eit viktig verktøy for å knyte saman dei som søker arbeid med dei som treng arbeidskraft. Jobb Norge er eit digitalt system som samlar stillingsannonsar og arbeidssøkjjarar på éin stad. Systemet gjer det mogleg for arbeidssøkjjarar å laste opp CV og søknadsbrev, samt å setje opp varslingar for relevante stillingar. For Osterøy kommune tilbyr systemet verktøy for å administrere stillingsutlysingar, handtere søknadsprosessen og ikkje minst overføring til lønssystemet og oppretting av arbeidsavtaler.

Elements

Elements er eit moderne digitalt sakshandsamingssystem som har vorte eit sentralt verktøy for oss. Dette systemet representerer ei betydeleg fornying av korleis kommunen handterer dokumentasjon og saksgang. Systemet er eit heilskapleg sak- og arkivsystem utvikla for å møte dei særlege behova innan offentleg forvaltning. Det er designa for å handtere heile prosessen frå ein sak vert oppretta til den vert arkivert, i tråd med gjeldande lovverk og arkivstandard. Elements er utvikla av Sikri, som er ein leiande leverandør av digitale løysingar til offentleg sektor.

Systemet har fleire sentrale funksjonar som støttar offentlege verksemdar i det daglege arbeidet deira. Det tilbyr ei komplett løysing for dokumentfangst, journalføring og arkivering av all saksrelevant dokumentasjon. Elements gjer det mogleg å handtere saksgang elektronisk frå start til slutt, med automatiserte arbeidsflyter og digital signering. Systemet gir enkel tilgang til søk i arkivet og mogleggjer effektiv gjenfinning av dokument. Elements støttar integrering med andre fagsystem og har funksjonar for å sikre at offentlegheitslova og GDPR-regelverket vert følgt. Løysinga inkluderer også verktøy for politisk sakshandsaming og møteadministrasjon.

Omstrukturering av tenester og interne prosessar

Osterøy kommune fekk i 2024 betydelege økonomiske utfordringar som har gjort det naudsynt å setje i gang omfattande omstruktureringar av både tenester og interne prosessar. Den negative økonomiske balansen har tvinga fram tiltak som kan sikre økonomisk berekraft på både kort og lang sikt. I 2024 vart

det tydeleg at kommunen måtte ta grep for å snu den negative økonomiske utviklinga. Årsrekneskapen viste eit betydeleg meirforbruk, og prognosane for framtida indikerte at situasjonen ville forverre seg utan omfattande tiltak. Kommuneleiinga, i samråd med politisk leiing, sette derfor i gang ein grundig gjennomgang av heile den kommunale organisasjonen for å unngå å komme på ROBEK-lista.

Arbeidet med omstruktureringa starta med ei systematisk kartlegging av alle tenesteområde og administrative funksjonar, og vi held framleis på med denne fasen. Fokuset er på å identifisere område der ein kan oppnå innsparingar utan at det går for mykje ut over drift. Ei prosjektgruppe med representantar frå leiinga, tilsette og fagorganisasjonane vart nedsett for å leie arbeidet. Dette sikra at ulike perspektiv vart tekne med i vurderingane, og at prosessen vart så inkluderande som mogleg trass den krevjande situasjonen.

Arbeidet med omorganisering og innsparingar vil vere ein krevjande prosess også i 2025.

Involvering og kommunikasjon

Gjennom heile prosessen har kommuneleiinga lagt vekt på open og ærleg kommunikasjon med både tilsette og innbyggjarar. Dei tilsette har vore informerte og involverte gjennom jamlege møte og høve til å kome med innspel. Innbyggjarane har fått informasjon gjennom kommunen sine nettsider, sosiale medium og innbyggjarmøte.

Framtidsutsikter

Omstruktureringa som starta i 2024 vil halde fram i 2025, med mål om å oppnå økonomisk balanse innan utgangen av året. Endringane er krevjande for tilsette, men dei er dessverre naudsynte for å sikre at kommunen kan levere tenester også i framtida utan å havne på ROBEK. Kommuneleiinga ser på denne prosessen ikkje berre som ei økonomisk innstramming, men også som eit høve til å skape ein meir effektiv og framtidsretta organisasjon. Det er eit mål at dei endringane som no vert gjennomførte, skal leggje grunnlaget for ein økonomisk berekraftig kommune som kan møte framtidige utfordringar på ein god måte.

Ved å halde fast ved kommunen sine grunnleggjande verdiar – respekt, omsorg, tydeleg og ærleg – er målet at omstruktureringa skal gjennomførast på ein måte som tek vare på både menneske og fagleg kvalitet trass dei økonomiske utfordringane.

Samfunnsansvar

Merksemd knytt til samfunnsansvar har auka dei siste åra. Kommunar har ei viktig rolle og må vere medviten om sitt samfunnsansvar. Samfunnsansvar handlar mellom anna å ta sosiale og miljømessige omsyn utover det som er pålagt ved lov.

Osterøy kommune som den største arbeidsgivaren i kommunen og Osterøy kommune som arealforvaltar har mange omsyn som skal vurderast kvar dag.

Klima og miljø

Osterøy kommune held på med å revidere kommuneplanen sin arealdel. Dette arbeidet starta i 2022 og har ågått for fullt i 2024. Det forventast at planen kjem til politisk handsaming våren 2025 og vidare diskusjon i 2025. Arealdelen er eit styringsdokument for kommunen sin langsiktige arealbruk. Dei nasjonale forventningane seier at kommunane må leggje vekt på samspelet mellom klimamål, arealbruk, naturmangfald og klimatilpassing i sine planar. Den vedtekne arealstrategien i Osterøy kommune vert lagt til grunn i arbeidet med arealdelen, og legg mellom anna vekt på at berekraftsomsyn skal leggst til grunn for all arealbruk i kommunen. Arealstrategien kan du lese meir om i Kommuneplanen sin samfunnsdel som ligg på kommunen sin heimeside.

Osterøy kommune er med i fleire FOU-prosjekt (forskning og utvikling) retta mot klimatilpassing. Prosjektet «Medverknadsmetoder for klimatilpassing» er eit prosjekt som saman med innbyggjarane skal vise korleis dei som innbyggjarar kan medverke til betre kunnskap om klimaendringar. Prosjektet «Indikatorar for klimatilpassing av bygningar og infrastruktur i kommunen» med fokus på å rettar fokuset på kommunalt energiforbruk og miljøutslepp har ågått nokre år og ble avslutta i 2024.

Osterøy kommune heldt på med å Miljøfyrtårnsertifisere alle sine bygg og einingar. Rådhuset og Familie- og omsorgssenteret er allereie sertifisert. I arbeidet med miljøfyrtårn jobbar vi for å redusere avfallsmengda og auke kjeldesorteringsgraden, vi jobbar med innkjøp, arbeidsmiljø og har eit fokus på reisevaner vi gjer i arbeidstida. Ved å kartlegge korleis vi driv i dag, kan vi setje inn tiltak for å nå dei måla som vi set oss. Fleire og fleire private verksemdar i kommunen er sertifisert og ordføraren har gledeleg vore med på utdeling av diplom til nokre av desse. Osterøy kommune oppmodar og heiar fleire fram til å ta eit samfunnsansvar ved å sertifisere seg etter ei godkjent sertifiseringsordning.

Etter periodar med høge straumprisar jobbar vi med å finne gode ENØK-tiltak som gjer at vi kan redusere straumkostnadane våre, og samstundes ha ein positiv effekt på miljøet. Vi investerar kvart år millionbeløp for å redusere straumforbruket og dermed og utgiftane. Tiltaka kan vere retta mot vedlikehald og oppgradering av bygningane våre, installere fjernvarme og haldningsskapande tiltak. I 2024 fekk me og tilskot frå Husbanken for å investere i nye vindu på Peraplassen og Lonaneset for å redusere straumforbruket samt fornying av belysning til LED på ungdomsskulen.

Innkjøp

Osterøy kommune er med i eit innkjøpssamarbeid med Bergen kommune og andre nabokommunar. Her vert det forhandla frem avtalar som stiller ulike krav til leverandørane. Slike krav kan vere krav til etisk produksjon, krav til miljøleining (t.d. sertifisert Miljøfyrtårn, ISO 14001), krav til transport, krav til miljømerking, avfallshandtering osv.

Osterøy kommune er gjennom innkjøpssamarbeidet og med i prosjektet «Kapasitetsbygging for sirkulære løft i anskaffelser». Det er gjeve midlar frå Miljødirektoratet og Bergen kommune har oppretta ei 2-årig prosjektstilling som skal styre prosjektet framover. Å unngå innkjøp som ikkje er naudsynt er eit viktig tiltak for å redusere klimagassutslepp og ved å stille gode krav til mellom anna kvalitet og levetid kan kommunane klimautsleppet sitt. Blant anna er gjenbruk av møbler og utstyr viktig samt gjenbruk av bygningsmateriell.

Arbeidstakarrettigheiter og sosiale forhold

Osterøy kommune sin arbeidsgjevarpolitikk gjev føringar innan HMS, rekruttering, leiarutvikling, mangfald og kompetanseutvikling med meir. Kommunen sine lønspolitiske retningslinjer og varslingsrutinar vart revidert i 2022, men det er påbegynt arbeid med nye varslingsrutinar i 2024.

Lønspolitikken skal fremje og ivareta likestilling mellom kjønna. Den lokale lønspolitikken er utforma slik at kvinner og menn blir behandla likt i vurdering av løn. Med likeløn meiner ein at kriteria for fastsetjing av løn skal vere kjønnsnøytrale og at kvinner og menn blir vurdert på ein likeverdig måte etter dei same kriteria. Ved lokale forhandlingar skal partane drøfte likeløn og vere opptekne av konsekvensane som tiltak og prioriteringar får for løna til både kvinner og menn. Lønsskilnad som har si årsak i kjønn, skal ikkje førekome. Arbeidsgjevar skal i etterkant av lønnsoppgjeret kontrollere at det ikkje er skeivfordeling i lønssoppgjeret mellom kjønna.

Sjukefråværet i 2024 er noko lågare enn i 2023, men er framleis høgt. Korleis kommunen arbeider med sjukefråvær kan du lese meir om i kapittelet om Rekruttering og medarbeidarar.

Risiko og sårbaranalyse

I 2022 reviderte Osterøy kommune sin risiko- og sårbaranalyse.

Du kan lese meir om analysen og ROS-analysen i sin heilskap på Osterøy kommune sin heimeside: <https://osteroy.aim.prokom.no/artikkel/heilskapleg-risiko-og-saarbaranalyse>

Etisk standard

Tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard

Me har fokus på at me som kommune skal sikra høge etiske standardar i arbeidet vårt. Dette gjenspeglar seg i arbeid med interne reglement og rutinar, opplæring av leiarar og medarbeidarar og handsaming av ulike konkrete saker. Me har utarbeidd eit dokument kalla «Prinsipp for verksemdstyring i Osterøy». Vidare skal me i løpet av 2024/25 oppdatera organisasjonsplanen og utarbeida lokal arbeidsgjevarpolitikk og arbeidsgivar strategi. Etikk vil vere eit sentralt tema i alle desse dokumenta.

Økonomien i 2024

Innleiing

Premissane for bruk av midlar i året går fram av Heradsstyret sine budsjettvedtak. Premissane tolkar vi som føremålet med bruken av midlane. Dette gjeld både rammer for driftsbudsjettet og rammer for investeringar. Det er kommunedirektøren sitt ansvar å syte for at løyvingane vert nytta i tråd med budsjettvedtaket.

Avvik frå premissane når det gjeld investeringsbudsjettet skuldast i hovudsak at ein del planlagde prosjekt ikkje kom i gang grunna manglande kapasitet. Dette gjeld både ordinære investeringar og sjølvkost.

Økonomi 2024

Osterøy Kommune budsjetterte som i åra før med eit tilnærma 0-resultat for 2024. Resultatet ble eit meirforbruk på 19,6 millionar.

Mange forhold gjorde at me ikkje greide å halde budsjettet. Summen av skatteinntekter og rammetilskot ble for første gang på mange år lågare enn budsjett.

Vi rekna med i store delar av året at me skulle få eit stort underskot. I periodar var det forventede underskotet nærare 25 mill, men ekstra inntekter til kommunane seint på året gjorde at underskotet ble mindre enn frykta.

Resultat

Brutto driftsresultat er resultatet frå den ordinære drifta med utgifter og inntekter, men ein tek ikkje omsyn til finanspostane.

Netto driftsresultat er resultatet frå drifta etter at ein òg har teke omsyn til finanspostane (renteutgift, renteinntekt/avkastning og avdragsutgift).

Brutto driftsresultat viser eit underskot på 1,5 mill mot eit budsjettert overskot på ca. 15,6 mill kr.

Netto driftsresultat viser eit underskot på kr 20,2 millionar mot eit budsjettert underskot på kr. 1,59 mill.

Netto driftsresultat i 2023 var eit underskot på kr. 24,8 mill .

Meirforbruket i høve til budsjett i 2024 er kr. 19,6 mill som er delvis dekkja inn gjennom disposisjonsfondet.

Disposisjonsfondet

Disposisjonsfondet var pr. 31.12.2023 på kr 17,2 millionar. Når vi får eit meirforbruk på 19,6 mill betyr det at vi ikkje kan dekke hele underskotet i 2024 med disposisjonsfondet. Ca. kr. 2,84 mill må hentast inn i løpet av 2025 og 2026 for å ikkje havne på Robek-lista.

Bundne driftsfond

Bundne driftsfond er pr. 31.12.2024 kr 13,0 millionar som er ein reduksjon på ca. kr. 0,6 mill. frå 2023.

Bundne driftsfond er i utgangspunktet fond som er avsett til øyremerka formål, men når fond har stått ubrukt i fleire år blir det vurdert om fondet kan løysast opp.

Tilrådd resultat margin

Resultat margin er netto driftsresultat i prosent av samla driftsinntekt.

Tilrådd resultat margin frå Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi er om lag 1,75 %.

Statsforvaltaren i Vestland tilrår ein resultatmargin på 2%.

Osterøy kommune sin resultat margin for 2024 er minus ca. 2,3 % av brutto driftsinntekt med eit meirforbruk på kr. 19,6 mill.

Heradsstyret i Osterøy vedtok i 2023 at over tid skal vere eit positivt netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter på 1,75 %.

Kommentarar til dei største avvika:

Rammetilskot

Inntektene frå rammetilskotet er ca. kr. 888 000,- høgare enn budsjett.

Skatt på inntekt og formue

Inntektene frå skatt på inntekt og formue er omlag 3,8 mill lågare enn budsjett. Kommunen budsjetterte med ca. 256,4 mill mens inntektene til slutt blei 251,7 mill . Etter første halvår i 2024 lå det an til at skatteinntektene skulle bli høgare enn budsjett, men på slutten av 2024 sank skatteinntektene i Norge. Ettersom Osterøy kommune er ein skattesvak kommune er vi avhengig av korleis skatteinngangen er i resten av landet ettersom vi mottar ca. kr. 53,5 mill i inntektsutjevning. Etter at inntektssystemet ble lagt om for 2025 er vi blitt ennå meir avhengig av korleis skatteinngangen er i heile landet og ca. 95 % av skatteinntektene til Osterøy avhenger av dette.

Det er første gang på mange år at inntektene frå skatt og ramme er lågare enn budsjett.

Når vi budsjetterer rammetilskotet og skatt på inntekt og formue baserer vi oss på prognosane frå KS samt egne vurderingar på blant anna folketalsutvikling og nivået på skjønsmidlar.

Eigedomsskatt

Inntekter frå eigedomsskatt er ca. 1,5 mill meir enn budsjettet. Det skyldast fleire nybygg og ei liten auke i takstane på dei eigedomane som me får taksten frå skatteetaten.

Osterøy kommune bruker skatteetaten sin bustadverdi som grunnlag for å fastsetje eigedomsskattegrunnlaget på bustader på Osterøy. Skatteetaten sin bustadverdi er eit overslag på bustaden sin marknadsverdi berekna ut i frå bustaden sitt areal, byggjeår, bustadtype, og opplysningar om omsette bustader i kommunen. Landbrukseigedomar og fritidseigedomar er det kommunen sjølv som takserer.

For 2024 er skattesatsane uendra og er 4,0 promille for bustader og fritidseigedommar. For andre eigedommar er skattesatsen 7 promille.

Inntekt frå Havbruksfond

Midlane frå Havbruksfondet ble omlag kr. 5,2 mill høgare enn budsjett og endte på kr. ca. kr. 18,2 mill. Det er omlag 13,2 mill høgare enn i 2023. Inntektene frå havbruksfondet varierer frå år til år og hovedregelen er at inntektene er høge 2.kvart år. Det gjer at inntektene vil bli lågare i 2025.

Finansinntekter

Renteinntekt-finansinntekt

Renteutgiftene på både innskot og innlån har vore høgare enn budsjett. Renteinntektene har vore om lag 0,4 mill høgare enn budsjett og endte på ca. kr. 8,6 mill og det skuldast høgare innskotsrente.

Finansutgifter

Avdrag

Det er tatt opp kr 81,5 mill nye lån i 2024. I 2024 ble det ikkje tatt opp lån frå Husbanken ettersom det var tilstrekkelege midlar igjen frå 2023. Det er betalt kr. 29,3 mill i avdrag og det er ca. kr. 1,9 mill lågare enn budsjett.

Renteutgift

Renteutgiftene har vore om lag 3,9 mill høgare enn budsjett i 2024. Årsaken er høgare rente enn vi la inn i budsjettet. Renteutgiftane er 11,6 mill høgare enn i 2023 og det skuldast høgare marknadsrente samt at fleire fastrente lån er gått ut i 2022 og 2023. I tillegg har det vore ein auke i lånejelda på grunn av ein auke i investeringar dei siste åra.

Forfallsintervall, jfr refinansieringsrisiko	
Resterande tid fram til forfallstidspunkt	

for låna i portefølja hensyntatt avdrag	
Under 1 år	43 %
1-2 år	11 %
2-3 år	0 %
3-5 år	23%
Over 5 år	23 %

Samarbeid og prosjekt med andre kommunar

IKT Nordhordaland

IKTNH er vår tenesteleverandør innan IKT. Tenestene dei leverer omfattar mellom anna rådgjeving, planlegging, innkjøp og tilrettelegging av programvare- og maskinvareløysingar, skanne-, kopi- og utskriftsløysingar, telefoniløysingar, samt nettverks- og servarløysingar.

<https://iktnh.no/>

Digitalisering og innovasjon

Avdelinga digitalisering og innovasjon (DI) i Region Nordhordland IKS har ansvar for prosjektgjennomføring av digitaliserings- og innovasjonsprosjekt for 12 kommunar tilknytta IKT samarbeidet gjennom IKT Nordhordland (IKTNH)

<https://regionnordhordland.no/artikkel/Digitalisering-og-innovasjon>

Kontaktsenter

Osterøy gjekk i 2022 inn i eit kontaktsentersamarbeid saman med Gulen og Samnanger om ei felles sentralbordløysing. Dette har vore ein suksess og vi har fått heva servicegraden vår og dermed meir fornøgde kunder og innbyggjarar. I løpet av 2024 vart Aurland med i dette samarbeidet og i 2025 vil Vaksdal og Austrheim kople seg på.

<https://www.kommunal-rapport.no/digitalisering/gjor-suksess-med-felles-innbyggerservice/149290/>

Andre samarbeidsområde:

- Innkjøpssamarbeid med Bergen kommune og andre Nordhordlandskommunar. Her får kommunane som er medlem i innkjøpssamarbeidet tilbod om å vere med på dei ulike tilbudskonkurransane som innkjøpsavdelinga i Bergen forhandlar fram. Desse avtalane sikrar ulike omsyn mellom anna knytt til transport, etiske forhold i produksjon og levering av varer, ulike krav knytt til miljø og berekraft, osb.
- Straumavtale. Dette er ein avtale med 3 andre nabokommunar om innkjøp av straum gjennom tilbudskonkurranser.
- Barnevernstenesta. Samarbeid med Vaksdal kommune og Modalen kommune om levering av barnevernstenester.
- Regionråd med tenester innan økonomi, arkiv, personal, kontrollutvalgssekreteriat og legevakt.

Rekruttering og medarbeidarar

Arbeidsgjevarpolitikk

Kommunen skal vere ein profesjonell, nyskapande og utviklingsorientert organisasjon som legg til rette for samarbeid og kontinuerleg forbetring. Vi skal ha dyktige og engasjerte tilsette, kompetente og tydelege leiarar, samt ein kultur prega av open dialog og god involvering på alle nivå. Medarbeidarane er vår viktigaste ressurs, og deira kompetanse, engasjement og trivsel er avgjerande for at vi skal kunne levere tenester av høg kvalitet til innbyggjarane. Gjennom våre tilsette skaper vi ein organisasjon som ikkje berre møter behova i dag, men som og utviklar seg i takt med samfunnets forventningar og framtidige utfordringar.

Organisasjonen treng å effektivisere og omstille den kommunale drifta. Vi må drive, og utvikle, kommunen med mindre ressursar enn vi gjer i dag, samstundes som vi må sikre nok og rett kompetanse på alle nivå. Vi skal ha ei tenleg organisering av tenestene, og sikre gjennomføringskraft for naudsynte endringar. Vi skal utvikle ein felles kultur og ideologi for arbeidet vårt slik at vi står fram som ein kommune og ein organisasjon. I kulturen vår løyser vi tverrfaglege oppgåver saman og deler kompetanse på tvers av fagområde. Organisasjonen manglar framleis fleire relevante og oppdaterte planar som til dømes arbeidsgjevarstrategi og strategisk kompetanseplan. Kommunen sine lønnspolitiskplan blei revidert i 2022 og er blei sendt på høring i 2024 for utarbeiding i 2025.

Lønsoppgjeret 2024

Året 2024 markerte hovudoppgjeret i tariffområdet KS. Resultatet fekk ei fastlagd ramme på 4,7 prosent, noko som ligg under den avtalte ramma i frontfaget for privat sektor og den avtalte ramma i staten. Dette oppgjeret tok omsyn til den uvisse økonomiske stoda i samfunnet og sikra særleg dei med fagutdanning og dei med lågast lønn, eit betydeleg løft. Samstundes oppnådde og dei med høgast utdanning og løn ein reell auke i kjøpekrafta.

Når det gjeld regulering av lønn for rådgjevarar og leiarar, vart dette handsama gjennom lokale forhandlingar som fann stad i oktober same år. Under oppgjeret for leiara i kapittel 3.4.3 oppstod det brot i forhandlingane med Skuleleiarforbundet og Bibliotekarforbundet. Dette førte til at partane måtte gå til mekling på rådhuset med støtte frå ei lokal nemnd hjå kretsmeklaren. Gjennom meklinga lukkast det til slutt arbeidsgivar og fagorganisasjonane å nå fram til semje om lønsvilkåra.

Organisasjonsutvikling

Arbeidet med organisasjonsutvikling, har i 2024 har vore strukturert gjennom felles samlingar for alle leiarar med personalansvar. Desse samlingane har funne stad månadleg, nærare bestemt siste tysdag kvar månad, med ei varigheit på inntil tre timar per gong. Samlingane har teke føre seg viktige leiarverktøy som sjukefråværsoppfølging, risikovurdering, styringsdokument, motivasjonsteknikkar, kommuneplan, kommunedelplanar og temaplanar. I tillegg har ein arbeidd med budsjettarbeid, leiarskap og medarbeidarskap, samt risikokartlegging. Parallelt med dette har sektorane gjennomført eigne organisasjonsutviklingstiltak i samarbeid med eksterne leverandørar og utdanningsinstitusjonar. Sjukefråvær har vore eit sentralt tema som ein har arbeidd med på fleire nivå. Her har IA-utvalet gjort ein særleg innsats ved å utvikle eit verktøy for nærværssamtalar, spesielt retta mot tilsette med hyppig og gjentakande fråvær. Dette verktøyet representerer eit konkret tiltak for å styrkje nærværet på arbeidsplassen og betre oppfølginga av tilsette med fråværsutfordringar.

Rekruttering

Kommunen har brukt *JobbNorge by Grade i 2024*. Det vart i perioden 01.01.2024 – 31.12.2024 lyst ut 183 stillingsannonser totalt. Det vart lyst ut 68 stillingar under kommunalsjef Oppvekst, undervisning og kultur, av desse var det 34 heiltidsstillingar. Det er lyst ut 9 annonser knytt til kommunalsjefområdet for Samfunnsutvikling, av desse var det 4 heiltidsstillingar. Det var lyst ut 98 annonser under kommunalsjefområdet Helse, omsorg og sosial, av desse var det 38 heittidsstillingar. Det vart lyst ut 8 stillinger i stab, av desse var det 4 heittidsstillingar.

Då vi gikk over til nytt rekrutteringssystemet i 2023, fekk vi heile prosessenane frå jobbanalyse til tilsetjing på plass i systemet. Hovudtillitsvalde har eigne tilgangar til systemet og har på denne måten innsikt i rekrutteringsprosess og søkjarlistar for dei stillingane som er relevant.

HR-avdelinga har 2 tilsette som er sertifiserte brukarar av godkjent testverktøy nytta i rekruttering, levert av Assessio. Kompetanse i faget rekruttering er sentral i kommunen sitt arbeid for å rekruttere rett kompetanse til rett stilling, noko som vidare vil og kan styrke omdømet til kommunen i dette arbeidet.

Leiarane ved dei ulike tenesteområda har tilsetjingsmynde og står ansvarleg for gjennomføring og leiging av rekrutteringsprosessane. HR-avdelinga spelar ei aktiv støtterolle ved tilsetjing i leiarstillingar og andre viktige nøkkelstillingar i organisasjonen. I dei øvrige rekrutteringsprosessane fungerer HR-avdelinga som rådgjevar og rettleiar for leiarane, samstundes som dei utøver ein overordna kontrollfunksjon for arbeidsavtalar. Dette sikrar at alle tilsetjingar kontinuerleg skjer i samsvar med gjeldande lov- og avtaleverk.

I september vart det, grunna overforbruk i organisasjonen, innført tilsetjingsstopp. Som følgje av dette vart tilgangane til leiarane stengt, og nye rutinar for tilsetjing vart etablerte. Dei nye rutineane inneber at når ei eining vurderer at dei har behov for bemanning, må dette no analyserast og grunngjevast grundig. Det er først etter ei slik vurdering at HR og organisasjonsleiar avgjer om det er tilrådeleg å lyse ut stillinga og gjennomføre tilsetjing. Denne strenge praksisen representerer ei innstramming i høve til

tidlegare rekrutteringsprosessar, og er innført som eit konkret tiltak for å betre kontrollen med personalressursane og dermed organisasjonen sine økonomiske rammer.

HMT-arbeidet i kommunen

Det daglege HMT-arbeidet er delegert til leiarane i tenesteeiningane, medan HR-avdelinga koordinerer det overordna HMT-arbeidet i organisasjonen.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU), som består av representantar frå både arbeidsgjevar og arbeidstakarar, fungerer som eit overordna utval som handsamar saker knytte til helse, miljø og tryggleik. I løpet av året har AMU handsama eit nytt årshjul for HMT-arbeidet. Dette årshjulet skal gje struktur for dei lokale partane på kvar arbeidsplass, og sikre at dei drøftar dei rette sakene for å ivareta HMT-arbeidet lokalt. AMU har også handsama andre viktige saker som avviksrapportar, sjukefråværsstatistikk og samarbeidsplanar med bedriftshelsetenesta. Utvalet har dessutan avtalt felles opplæring i HMT-arbeid for medlemmer i AMU, verneombod og alle leiarar i organisasjonen. Grunna nye tilsette og nye personar i verneombodsrolla har organisasjonen gjennomført omfattande kursing gjennom 40-timars HMS-kurs i løpet av året.

Ei betydeleg endring i 2024 er auken i frikjøp av Hovudverneombodet (HVO) frå 40 prosent til 80 prosent. Arbeidet med AKAN, som starta i 2022, er styrkt gjennom dette auka frikjøpet. Dette gjer det mogleg å drive meir omfattande informasjonsarbeid om AKAN og ulike tiltak i heile organisasjonen. Det er Hovudverneombodet som koordinerer AKAN-arbeidet, med støtte frå HR-avdelinga. Det har ikkje vorte inngått nokon AKAN-avtalar i 2024. Ein anna grunn til auka i frikjøpet, er at HVO skal gjennomføre HMT-leiaropplæring for heile organisasjonen. Dette representerer ei ytterlegare styrking av HMT-arbeidet ved at kompetansen til Hovudverneombodet blir nytta til å heve kunnskapsnivået hjå leiarane. Med den auka stillingsprosenten til 80 prosent frikjøp har HVO no betre føresetnader for å kunne planleggje og gjennomføre slik systematisk opplæring. Denne opplæringa vil truleg medverke til å sikre at leiarane får ei djupare forståing for HMT-arbeidet i Osterøy kommune og deira ansvar innanfor dette viktige feltet.

IA-utvalet har hatt fire møter i 2024. IA-utvalet arbeidet på bestillingar frå AMU om å fylle målsettingane i avtalen om Inkluderande arbeidsliv. IA utvalet har i 2024 fokusert på gjennomgang og opplæring i sjukefråværsarbeid og utvikla eit skjema for nærværssamtalar. Det er utarbeidd årshjul for IA-arbeid for å strukturere samarbeidet mellom partane på arbeidsplassen. Rapportering på sjukefråvær frå einingane er i 2024 blitt ein del av månadsrapportering på økonomi i Framsikt. Det skal bidra til at leiarane får eit større forhold til tala og orienterer om kva tiltak som gjort oppover i organisasjonen. Statistikken er blitt meir detaljert enn tidlegare og gjerast tilgjengeleg månadleg framfor kvart kvartal. På grunn av at IA avtalen utgjekk, blei IA utvalet beslutta lagt ned. I atterkant har det blitt einigheit om ny IA avtale, men Osterøy kommune ønskjer ikkje å framhalda IA utvalg, men heller sette ned arbeidsgruppe ved behov.

Kompetansehevingstiltak om førebyggjande nærvær og oppfølging av sjukemeldte tilsette er eit kontinuerleg arbeid som blir vidareført i samarbeid med NAV arbeidslivssenter, som ein del av leirsamlingar og eigne temasamlingar i 2024.

Sjukefråvær

Sektor	2021	2022	2023	2024
Rådmann og stab	9	9,12	4,2	4,9
Oppvekst, undervisning og kultur	9,24	9,96	10,4	10,2
Helse, omsorg og sosial	10,75	11,99	11,9	10,2
Samfunnsutvikling	11,08	9,75	11,2	5,3
Totalt	9,99	10,77	10,8	7,65

Kommentar til utviklinga:

Tala i tabellen viser ei varierende utvikling i sjukefråværet på tvers av sektorane i kommunen frå 2021 til 2024. For rådmann og stab ser vi ein nedgang frå 9 prosent i 2021 til 4,9 prosent i 2024, noko som representerer ei betydeleg betring.

Innan oppvekst, undervisning og kultur har sjukefråværet halde seg relativt stabilt, med ein liten auke frå 9,24 prosent i 2021 til 10,2 prosent i 2024.

Helse, omsorg og sosial har hatt varierende sjukefråvær, men endar på 10,2 prosent i 2024, som er noko lågare enn toppnivået på 11,99 prosent i 2022.

Samfunnsutvikling viser ei markant betring i 2024 med eit sjukefråvær på 5,3 prosent, som er ein kraftig reduksjon frå nivået på 11,2 prosent i 2023.

Totalt sett har organisasjonen oppnådd ei vesentleg forbetring i sjukefråværet i 2024, med 7,65 prosent mot 10,8 prosent i 2023. Dette kan tyde på at dei ulike tiltaka som er sette i verk, inkludert nærværssamtalane utvikla av IA-utvalet og det forsterka HMT-arbeidet, har byrja å gje resultat. Særleg framgang ser ein i sektorane rådmann og stab samt samfunnsutvikling.

AMU og IA-utvalet arbeider systematisk med sjukefråvær i kommunen. Det er innført forenkla retningslinjer for oppfølging av sjukemelde, noko som gjer denne prosessen meir oversiktleg og effektiv for både leiarar og tilsette. I det førebyggjande arbeidet er det lagt vekt på støttesamtalar med Bedriftshelsetenesta, og sjukefråværandtering er jamleg tema i leiarutviklingsprogrammet.

I særleg utfordrande sjukefråværsaker har kommunen nytta seg av ekspertbistand frå Bedriftshelsetenesta via NAV. Dette sikrar at både den sjukemelde og leiaren får profesjonell støtte i situasjonar som krev spesialkompetanse.

Kommunen har etablert ein heilskapleg strategi der leiarutvikling, leiarverktøy og oppbygging av relasjonell kompetanse står sentralt. Denne satsinga på leiarskap og relasjonar i arbeidslivet er avgjerande for det langsiktige arbeidet med å førebyggje og redusere sjukefråværet i organisasjonen. Dette systematiske arbeidet kan sjåast i samanheng med den positive utviklinga i

sjukefråværsstatistikken for 2024, der fleire sektorar viser betydeleg betring, og det totale sjukefråværet har gått ned frå 10,8 prosent i 2023 til 7,65 prosent i 2024.

Bedriftshelseteneste

Salutis HMS har vore leverandør av bedriftshelsetenester til Osterøy kommune fram til 2024. Samarbeidet vart sagt opp i september. Kommunen sa opp avtalen, etter at både hovudavtaleperioden og alle opsjonsår var fullførte. I etterkant av oppseiinga sette kommunen i gang ein ny anbudsprosess for å finne ein ny leverandør av bedriftshelsetenester. Dette skiftet av tenesteleverandør representerer ei naturleg fornying etter at den maksimale avtaletida med Salutis HMS var nådd. Den nye anbudsprosessen gir kommunen høve til å vurdere ulike leverandørar og deira tilbod om tenester innan helse, miljø og tryggleik.

Agil helse ta over som bedriftshelseteneste for kommunen i 2025, og saman med NAV arbeidslivssenter vil dei halde fram med å støtte kommunen i arbeidet med førebygging og oppfølging av sjukefråvær.

Sammarbeidet med Salutis HMS byggjer på ein inngått kontrakt, ein samarbeidsplan om levering av bedriftshelseteneste, og føresegnene i Arbeidsmiljølova om arbeidsgivar sin bruk av godkjend bedriftshelseteneste. Salutis HMS har ei rådgivande, fri og uavhengig rolle som objektiv, fagleg rådgivar i helse- og arbeidsmiljøspørsmål. I 2024 har Salutis HMS levert 379,3 timar med tenester til kommunen. Hovudaktivitetane har omfatta lovpålagd HMS-opplæring for verneombod, AMU-medlemmar og leiarar, bistand ved og oppfølging etter tilsyn frå Arbeidstilsynet, ekspertbistand i sjukefråværsaker, oppfølging av gravide arbeidstakarar, ergonomiske arbeidsplassvurderingar, helseundersøkingar, yrkesvaksiner, røykdykkarattestar, psykologbistand etter krisesituasjonar, støttesamtalar for enkeltansatte og deltaking i AMU-møte gjennom heile året. Salutis HMS vurderer at kommunen har arbeidd systematisk og målretta innanfor fleire fagfelt og fokusområde i dei ulike avdelingane gjennom året. Ein stor del av bistanden har vore knytt til oppfølging av enkeltansatte gjennom sjukefråværsoppfølging, ekspertbistand, oppfølging av gravide arbeidstakarar og støttesamtalar for tilsette i vanskelege livs- eller arbeidssituasjonar. Informasjon og opplæring har òg vore sentralt, med ulike kurs og samlingar innanfor HMS og arbeidsmiljø.

Bedriftshelsetenesta ved Agil helse og NAV arbeidslivssenter vil styrkje si rolle som bidragsytar for kommunen i 2025, med særleg vekt på førebyggjande arbeid knytt til sjukefråvær. Desse aktørane vil gje kommunen utvida bistand i oppfølginga av sjukefråværsaker ute i einingane gjennom tilbodet om ekspertbistand. Det er også verdtt å merke seg at Osterøy kommune har teke eit viktig steg framover ved å inngå ein intensjonsavtale om samarbeid med NAV Vestland. Dette vil etablere ei meir formalisert og strukturert samarbeidsramme som kan gje kommunen betre tilgang til NAV sine ressursar, kompetanse og verkemiddel i arbeidet med å redusere sjukefråværet ytterlegare. Denne utviklinga byggjer vidare på det systematiske arbeidet som har vore gjort i 2024, og kan sjåast i samanheng med den positive trenden ein allereie kan sjå i sjukefråværsstatistikken for organisasjonen.

Kvalitetssystem

Kommunen nyttar Netpower som sitt kvalitetssystem, og organisasjonen har gjennom året arbeidd vidare med å utvikle dette systemet. Einingane har implementert og revidert fleire rutinar, og det nye avvikssystemet tek no imot avvik fordelt mellom dei ulike sektorane i kommunen. Det finst framleis nokre praktiske utfordringar med å få meldt inn avvik digitalt for dei tilsette som ikkje har direkte tilgang

Øvrig meirforbruk gjeld høgare prisauke på lisensutgifter enn budsjettert. Lisensar på økonomisystem blir ført på økonomiavdelingen.


Kommunedirektør

Rekneskapet for 2024 er om lag 419 000,- høgare enn budsjettert og skuldast prisauke på IKS samarbeid.

IKS samarbeid for hele kommunen først på dette ansvaret.

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Antall årsverk

Sektor	31.12.2024	31.12.2023	31.12.2022
Kommunedirektør og stab	25,6	28,1	27,2

Kommentarer til utviklinga i antall årsverk

Nedgang i antall år årsverk pr. 31.12. på ca 2,5 årsverk frå 31.12.2023.

Henger saman med vakante stillinger samt overlapping på stillingar i året før.

Oppvekst, undervisning og kultur

Skildring av tenesteområdet

Sektoren sine oppgaver:

Sektor for oppvekst, undervisning og kultur utfører tenester til barn og unge i kommunen. Vi tilbyr òg kvalifisering tiltak for vaksne innvandrar og har ansvar for bibliotektilbodet. Det er eit mål at alle barn og unge skal kjenne seg inkluderte og trygge og ha gode oppvekstvilkår. For at kvar enkelt skal utvikle seg best mogeleg, må ein koordinere innsatsen mellom heim, barnehage, skule og fritid. Dei ulike tenestene i oppvekst må arbeide systematisk med tidleg innsats som er målretta ut frå barnet sitt behov.

Tenesteområde: Sektor for Oppvekst, undervisning og kultur er delt opp i fire tenesteområde.

- **Barnehagen** sitt samfunnsmandat er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barn sitt behov for omsorg, lek og å fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.
- **Skulen** skal gjennom eit godt og inkluderande læringsmiljø utvikle elevane sine grunnleggjande dugleikar og faglege kompetanse og arbeide for at flest mogeleg klarar å gjennomføre vidaregåande opplæring.
- **Familiens hus** sine tenester skal støtte barn og familiar til å meistre liva sine og fremje god helse.
- **Kultur og mangfald** gjev allsidige tilbod om viktige tenester gjennom kulturskule og bibliotek, samt tek i vare friluftsliv-, kultur- og idrettsfeltet i kommunen. Her er òg tilbod om vaksenopplæring (norskopplæring for minoritetsspråklege og grunnskule for vaksne), kvalifiseringsprogram for flyktningar samt innføringstilbod i norsk for minoritetsspråklege barn.

Året 2024

Måloppnåing - kva fekk vi til og kva fekk vi ikkje til :

- Sektoren har regionalt støtta leiarane i utvikling i tenestene. Det har vore samlingar for leiarane der Barnets beste og medverknadsprosessar har vore tema.
- Barnehagane har arbeidd vidare med utviklingsområda i kvalitetsplanen språkutvikling og utforskande pedagogikk og har hatt eit samarbeidsprosjekt med Høgskulen på Vestlandet med tittel MoveEarly. Det handlar om aktive barn i lek og læring
- Skulane har etablert elvane sitt heradsstyre som ein del av styrkinga av medverknadsprosessar i opplæringa. Det er også utvikla og tatt i bruk ein felles leseplan for osterøyskulen. Det er gjennomført felles utviklingstid for Osterøyskulen ein gong i månaden med ulike tema for å skape felles retning og støtte til skulane.
- Kommunen er langt framme med tilbod til barn og unge i Familiens hus. Det er mange som får tidleg hjelp og klarar seg godt. Blant anna er helsestasjonen starta ammekyndig helsestasjon. Det har starta opp nye tilbod til barn og unge som strevar med angst gjennom gruppeprogram "Cool kids og Chilled kids". Det er arbeidd vidare med å implementere TIBIR (Tidleg innsats for barn i risiko), og PMTO (Parent Management Training - Oregon) terapiutdanning.
-
-

Utfordringar:

Dei ulike einingane har hatt ulike utfordringar.

- Elevane sitt læringsutbyte dei først åra kunne vi ønskt var betre innanfor dei grunnleggjande dugleikane lesing, rekning og engelsk. Det er viktig å ha riktige ambisjonar for elevane. Barnehagar og skular har over år arbeidd målretta med språkutvikling. For skule vil ressurstildeling bli satt fokus på 1.-4 trinn i samband med tidleg innsats.
- Fråvær og rekruttering av vikarar har skapt utfordringar for drifta i fleire avdelingar. Barnehage og skule har vore spesielt råka.
- Det er utfordrande og tilpasse drifta til svingingar i busetting av flyktningar både for Osterøy integrerings- og læringssenter, Kultursmia og Ressurssenteret. Det er krevjande for leiarar og tilsette.
- Rekruttering av tilsette innanfor oppvekst har vorte meir krevjande siste året. Det gjeld dei fleste faggruppene, men tilsette i barnevern, familieterapeutar, barnehagelærarar og lærarar i skulen har vore jamt over vanskeleg.
- Dei siste åra si styrking av å tydeleggjere arbeidet innanfor fritid, idrett og kultur er begynt å gje effekt. Besøkstala i biblioteket aukar og ungdom brukar dette i større grad som møteplass. Fleire lag og organisasjonar nyttar kultursmia sine lokale til møter.
- Ressurssenter for kultur og språk har vidareutvikla sitt ansvarsområde til å òg tilby innføringstilbod i norsk for minoritetsspråklege barn.
- Læringssenteret på Hauge busette 52 flyktningar i 2024, i tillegg til å tilby introduksjonsprogram til dei i målgruppa som vart busett i 2023. Norskundervisninga har hatt høg pågang, men ein har klart å gje tilbod til alle som ynskjer. Det var per 31.12.24 rundt 80 aktive elevar på senteret.
- Ressurssenteret hadde ved årsskiftet 24/25 177 elevar, derav 9 på Forsterka norsk. Det er ein auke på 12 elevar frå året før. Det står 29 barn på venteliste for å få plass i kulturskulen.
- Sektoren har dyktige tilsette som set barn og unge først og legg ned ein stor samfunnsinnsats for innbyggjarane i kommunen.

Viktige hendingar

- Oppstart av revidering av barnehagebruksplanen er gjennomført og vil verte lagd fram politisk i 2025.
- Det er vidareført samarbeid med Høgskulen NLA om «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis». I 2024 gjennomførte leiarar og tilsette kompetanseutvikling i sektoren. Dei private barnehagane og skulane er også invitert inn i dette arbeidet for å skape likeverdig tilbod for alle borna i Osterøy kommune.
- Før skulestart august 2024 var alle tilsette i skule samla til ein felles utviklingsdag omkring handtering av utfordrande åtferd. Målet var å auke forståing og samkøyring av tiltak for å handtere desse utfordringane.
I november gjennomførte ein regional kompetanseheving for tilsette i skule med tema læreplanforståing.
- Barnehagane har hatt felles kompetanseheving regionalt med tema «Ein barnehage for alle»
- Barneverntenesta har pågåande prosess i 2024 med organisasjon og tenesteutvikling i samarbeid med KS konsulent.
- Oppvekst undervisning og kultur sine leiarar har hatt fleire samlingar gjennom året der ein saman arbeider for likeverdige tenester innanfor dei ulike tenesteområda. Det er utarbeidd ein strategi for «Osterøy på sitt beste» som er forankra i leiargruppa.
- Einingane i oppvekst har utarbeidd kvalitetsplanar for sine områder for å sikre fagleg kvalitet av tenestene.

Årsmelding 2024

- 3-partssamarbeidet er styrka i dei einskilde einingane gjennom systematisk arbeid i organisasjonen.
- Kultur og mangfald har vore aktiv for å få på plass ein del planar i kommunen. Eksempelvis har det vore jobba med Friluftslivets ferdselsårer, Forvaltningsplan for Kossdalen, Kulturmiljøplan med meir.

Viktige Kvalitets- og styringsindikatorar

Målekort :

Indikatorar	Mål 20223	Resultat 2024	
Tilfredse foreldre i barnehage	Foreldreundersøking annakvart år.	Undersøkinga er gjennomført med godt resultat. Foreldra rapporterer om høg trivsel, god informasjon, gode relasjonar til vaksne og tilfredsheit frå foreldre. Alle desse indikatorene er over nasjonalt nivå.	
Resultat elevundersøkinga 7. trinn indikatorene i skule: • Trivsel ○ Meistring ○ Motivasjon	På eller over nasjonalt snitt	Osterøy: 4,0 3,7 3,3	Nasjonalt 4,0 3,9 3,4
Resultat elevundersøkinga 10. trinn indikatorene i skule: • Trivsel ○ Meistring ○ Motivasjon	På eller over nasjonalt snitt	Osterøy: 4,1 4,0 3,3 Nasjonalt 4,0 3,8 3,2	
Grunnskulepoeng	Osterøy ungdomsskule: 43,4	Nasjonal snitt: 42,2	
Tal aktive lånar og besøkstal	Aktive lånarar og besøkstal er valt som kvalitetsindikatorar frå og med 2024 (tidlegare tal utlån)	Besøk: 24 987 (auke på ca. 5 700) Aktive lånarar: 1044 (reduksjon på ca. 300)	

Årsmelding 2024

Aktive elevar	Auke elevmedverknad på Ressurssenteret og Læringscenteret	Læringscenteret har oppretta elevråd. Ressurssenteret er i prosess på team kulturskule.
Heimebesøk Helsestasjon	Lovkrav om heimebesøk av helsesjukepleiar etter fødsel.	Heimebesøk av helsesjukepleiar: 2024: 67 (ingen avvik, alle fekk heimebesøk av helsesjukepleiar i 2024)
Tal meldingar til barnevernstenesta	Det er mål om å få riktige bekymringsmeldingar til barnevernet. Dette er ikkje talfesta. I 2023 hadde ein 210 meldingar til barnevernet	I 2024 mottok barnevernet 243 meldingar. Ein auke frå året før.
Tal tiltakssaker per 31.12.2024 (rapporteringstidspunktet) Tal meldingar som fører til nye tiltak i barnevernstenesta.	Det er mål om å gje tilbod til barn og unge som er utsett for alvorleg omsorgssvikt og har alvorleg åtferdsproblem.	Barn i hjelpetiltak: 48 (inkluderer tiltak i heimen, ettervern og frivillig plassering som hjelpetiltak) Barn med omsorgstiltak: 13 Tal nye tiltakssaker 2024: 29

Internkontroll

Avvik

Sektoren brukar det generelle avvikssystemet til kommunen. Det vart meldt inn 311 avvik i 2023 mot 247 i 2024. Kvifor vi har ein nedgang er ikkje undersøkt, men avvik skal vere drøftingstema i 3-partsgruppa kvart halvår i avdelingane der ein vurderer om rutinar må endrast eller risikovurdering gjennomførast for å minimere risiko. Avvik er tema i 3-partsmøte på sektornivå kvar månad. Dei fleste avvika kjem innan kategorien HMT (158), personskade (24) og Sakshandsaming (10). Tek vi ut melde avvik som vert vurdert som alvorleg har vi 9 HMT avvik, 1 personskadar og 1 innanfor området barnehage og skulemiljø. Avviksområda er kjente frå tidlegare og sektoren arbeider målretta for å auke kvaliteten på desse områda.

Sektoren oppfordrar tilsette til å melde avvik, men trur framleis at det er avvik som ikkje vert meldt inn. Avvika blir behandla i fagsystemet fortløpande av næraste leiar.

Rutinar og retningslinjer

Sektoren bruker kommunen sitt kvalitetssystem Netpower på dei generelle rutine og retningslinjene. Det vart starta revidering i 2022 av sentrale rutinar. Dette arbeidet ser vi for oss må halde fram i 2025. Å gjere rutinar kjende for tilsette vil vere viktig vidare.

Tilsyn

Det vart gjennomført tilsyn frå Arbeidstilsynet hausten 2024. I tilsynet vart det avdekket avvik. Kommunen må i løpet av våren arbeide med desse områda:

- HMS-arbeid - utøve systematisk arbeid med helse, miljø og sikkerhet

- Bedriftshelseteneste - plan for bistand
- Bedriftshelseteneste - plan for bistand for gjennomføring

Sektoren arbeider for å lukke avvik som kom fram.

Kvalitetssystem

Sektoren starta opp med eit stort arbeid hausten 2021 med å lage eit kvalitetssystem for oppvekst, undervisning og kultur. Arbeidet vart nesten fullført hausten 22 og vert lagt fram politisk våren 23. Kvalitetssystemet er ein del av sektoren sitt internkontrollsystem i forhold til kvaliteten i dei ulike tenestene. Kommunalsjefen meiner dette på sikt vil bidra til auka resultat innanfor blant anna språk og lesing.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
300-Felles oppvekst	61	5 183	4 149	-1 034	-24,9 %
310-Skule	108 308	107 321	102 659	-4 662	-4,5 %
320-Barnehage	72 129	76 865	77 011	146	0,2 %
330-Familiens hus	37 295	32 093	32 639	546	1,7 %
340-Kultur og mangfald	12 697	10 282	10 261	-21	-0,2 %
Sum	230 490	231 744	226 719	-5 025	-2,2 %

Kommentar til status økonomi

Oppvekst, undervisning og kultur har gjort dei fleste innsparingar som låg i budsjettet for 2024.

Fellesområde oppvekst hadde eit meirforbruk på 1 033 000. Dette skuldast etterbetaling etter lønsoppgjøret og kostnader som ikkje var budsjettet.

Barnehage hadde eit mindreforbruk på kr 146 000.

Skule har hatt eit meirforbruk i 2024 på kr 4 600 000. Dette skuldast auka behov for spesialundervisning på privatskulane og fleire elevar på Valestrand skule grunna nedlegging av Hamre grendaskule.

Kultur og mangfald hadde meirforbruk på kr 22 000 i 2024. I praksis er dette balanse. Det er likevel ubalanse på ein del fagområde, og ein må jobbe vidare med økonomistyring i 2025.


Familiens hus hadde eit mindreforbruk på kr 547 000. Dei har hatt mindre plasseringar av barn enn budsjettet.

Oppsummering tiltak

Generelt har det vore stram økonomistyring i sektoren i 2024. Det har vorte eit meirforbruk på ca 5 millionar. Det er i 2025 budsjettet gjort justeringar som tek høgde for meirforbruket i eit stramt budsjett for 2025.


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)

Årsmelding 2024



KOSTRA Nøkkeltal

	Osterøy 2023	Osterøy 2024	Gausdal	Sveio	Sula	Marker (2020-2023)	Hole (2020-2023)	Ström
Prioritet								
Grunnskole brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	13,4 %	13,4 %	11,7 %	15,7 %	15,6 %			15,6 %

Antall årsverk

Eining	31.12.24	31.12.2023	31.12.22	31.12.2021	31.12.2020
Barnehage	93,60	89,42	89,42	88,9	93,8
Familiens hus	29,27	30,5	29,6	22,7	23,7

Årsmelding 2024

Kultur og mangfald	23,19	23, 54	24,4	16,6	19,06
Skule	120,9	126,92	136,17	137,6	140

Kommentarer til utviklinga i antall årsverk

Barnehagane har optimalisert drifta. Bemanning i barnehage er styrt av pedagog og bemanningsnorm. Grunnen til auke i barnehage er innføring av vikarpool.

Familiens hus har hatt utfordringar med å rekruttere personell til barnevernet. Bemanninga er tilpassa budsjett.

Kultur og mangfald har stabil bemanning i 2024, men fleire stillingar er gjort faste grunna krigen i Ukraina og ei lovendring i lovverket som gjer at ein ikkje hadde heimel til å ha disse stillingane mellombels. Ein nyttar vakansar for å optimalisere bemanninga.

Skule har redusert med årsverka som låg inne i budsjettet med unntak av ekstra stillingar på Valestrand skule grunna overflytting av elevar frå Hamre grendaskule.

Helse, omsorg og sosial

Skildring av tenesteområdet

Sektoren sine oppgåver

Sektoren skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen, får tilbod om nødvendige helse-, omsorgs- og sosiale tenester. Sektoren sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper; personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelavhengigheit, sosiale utfordringar eller funksjonsnedsetjing.

Einingar: Sektor helse, omsorg og sosial er delt opp i 5 einingar.

- **NAV Sosial** - Dei sosiale tenestene i NAV skal sørge for opplysning, råd og rettleiing, her-under økonomisk rådgjeving, økonomisk stønad, midlertidig bu-tilbod og individuell plan.
- **Osterøytunet** - Sjukeheim er eit bu- og omsorgstilbod som er berekna for personar med omfattande og ofte langvarige helse- og omsorgsbehov som ikkje lenger kan bu i eigen heim. Osterøytunet har i tillegg korttidsavdeling og avlastingsplassar. Ergo-fysioterapiavdeling m/hjelpemiddellager, samt kjøkken er knytt til sjukeheimen.
- **Heimetenesta** - Denne tenesta yter tenester i heimen gjennom heimesjukepleie og praktisk bistand. Tenesta driftar Hauge bufellesskap som ligg vegg i vegg med sjukeheimen. I tillegg driftar dei saman med Osterøy Demensforening dag-tilbodet for personar med demens i Haldorvika. Forvaltningstenesta og digitaliseringskonsulent blir leia av heimetenesta.
- **Psykisk helse- og rusomsorg** - Tenesta er delt mellom lågterskeltilbod til dei med milde og mildare utfordringar og tilbod til dei med alvorlege og langvarige lidingar. I tillegg er det bufellesskap knytt til tenesta for personar med psyksiske lidingar.

- **Bu- og avlastningstenesta** - Butilbod til menneske med nedsatt funksjonsevne er hovuddelen av drifta innan denne tenesta. I tillegg yter tenesta avlastningstilbod og dagtilbod. Det største dagtilbodet til denne gruppa blir drifta av OPRO AS.

Sektorleiing: Sektorleiing har ansvar for nokre områder som ikkje er fordelt til einingane

- **Legetenesta:** Etter nedlegginga av eining Helse i 2023 vart leiing av legetenesta lagt til sektorleiinga. Dette gjeld og oppfølging av legevakt der Osterøy kommune har avtale med Nordhordland legevakt på kveld og helg-/høgtidsdagar.
- **Koordinerende eining:** Systemkoordinator mottok alle meldingar om behov for individuellplan og/eller brukarkoordinator/barnekoordinator og saksbehandlar desse.
- **Elevar, lærlingar og studentar:** Kommunen samarbeider med Osterøy vidaregåande skule i samband med praksisplassar for alle elevane innan helsefag. Kommunen har årleg opptak av nye lærlingar og tek anna kvart år opp ny TAF lærling som kjem frå Knarvik vidaregåande skule. I tillegg legg sektoren til rette for studentpraksis innan fleire områder både for høgskule og universitet.
- **Utviklingsprosjekt:** Prosjekta *Omsorg +* og *Tid for handling* ligg til sektorleiinga. *Omsorg +* omhandlar utbygging av omsorgsbustadar og demenslandsby med tilhøyrande administrasjonsbygg for å møte den veksten som kjem i forhold til tal eldre framover. *Tid for handling* er sektoren sitt utviklingsprosjekt og har fleire mål som følgjer av NOU rapporten *Tid for handling* som kom i 2023. Dette er eit viktig arbeid for å sikre kapasitet i tenestene i møte med auke i tal eldre og nedgang i tal personar i arbeidsfør alder framover.

Året 2024

Måloppnåing - kva fekk vi til og kva fekk vi ikkje til :

- Gruppe 5 på Osterøytunet vart opna i mars 2024 - dette har gitt umiddelbare resultat i forhold til mindre utbetalingar i samband med liggedøyer på sjukehus og kjøp av langtidsplass i andre kommunar.
- Innføring av langvakter i Heimetenesta og på Osterøytunet har resultert til at alle sjukepleiarstillingar er besett i desse einingane. Ordninga er frivillig, men einingane opplever at fleire og fleire arbeidstakarar ønsker slike turnusar.
- Helse og omsorgstenesta har vore pilot i utarbeiding av malar og rettleiar for risikovurderingssystemet. Det har vore gode tilbagemeldingar frå arbeidstilsynet på arbeidet som er gjort med risikovurderingar i dei avdelingane som har hatt tilsyn.
- Leiarane har vore med på leiarutviklingsprogramet *ledelse og heltidskultur* saman med KS Agenda. Dette utviklingsprogrammet skulle støtte opp om arbeidet rundt helse og omsorg sitt hovudprosjekt "*Tid for handling*".
- Døme på tiltak i "*Tid for handling*": i heimetenesta spesielt har eininga gått inn å sett på oppgåvedeling og det er lagd både sjukepleiarteam og kartleggingsteam. Digitale hjelpemiddel som *ruteplanleggar* og *mobil omorg* har bidratt til å fordele oppgåver og bruk av kompetanse betre. Det er oppretta frivillig langvaktturnus à 14 timar som er blitt veldig attraktive, der fleire og fleire ynskjer denne type vakter. Det er eit redusert sjukefråvær i heimetenesta og dette kan sjåast i samanheng med innføring av årsturnus og langvakter. Gjennom årsturnus har

deltidstilsette fått auka stillingsprosent ve å dekke inn ferie, raude dagar og anna planlagt fråvær i eininga.

- Osterøy kommune vart med i læringsnettverk for tenester til personar med utviklingshemming. Målet var innsikt i tenestene på tvers av kommunar og utarbeiding av ei tenesteanalyse. Dette arbeidet blir ferdigstilt i 2025. Tenesteanalysen vil legge eit grunnlag for å lage ein handlingsplan med aktuelle tiltak for bu- og avlastingstenestene.

Utfordringar :

- Planarbeid:
 - Revidering av kommunedelplan for helse, omsorg og sosial er ikkje starta opp pga kapasitetsutfordring i sektorleiinga
 -
- Rekruttering
 - lege: Det har vore store kostnader knytt til vikarutgifter i fråvær av lege på Valestrand legekontor. Mangel på fastlege har krevd mykje administrativt arbeid på sektorleiing dei to åra denne stillinga har vore ledig. Kvaliteten på tenesta har vore svært variabel på grunn av ulik bakgrunn og erfaring på vikarlegane.
 - Rekruttering er ein aukande utfordring i helse, omsorg og sosial. Det er ei betring innan sjukepleiarrekrutteringa. Dette blir sett i samanheng med turnusordningar som til dømes langvaktturnus og oppretting av team for sjukepleiarar i heimeteneste og på sjukeheim. I tenester med døgnturnus er det gode søkartal og kvalifiserte søkarar.
 - vikarar i tenestene: Einingane har hatt store kostnader knytt til fråvær hjå faste tilsette, mangel på vikarar har gitt auka arbeidsbelastning på fast tilsette og store overtidskostnader. Kostnadane til vikarbyrå har gått ned, medan kostnadane til overtid er gått tilsvarande opp.
 - Rekruttering leiarar: I to tilsettingar av einingsleiarar har sektoren måtte nytte eksterne rekrutteringsbyrå for å få tak i aktuelle kandidatar.
- Kapasitetsutfordringar
 - I sektorleiinga har ein av to nestleiarar vore knytt opp til bu- og avlastingstenesta pga vakansar i einingsleiarleddet. Ein nestleiar sa opp si stilling hausten 2025 og denne stillinga vart ståande vakant pga økonomisk situasjon ut året. Det har og mangla avdelingsleiarar i denne eininga. Det har ført til at og ein av driftskoordinatorane var tett knytt opp mot drift i bu- og avlastingstenesta i 2024.
 - Nytt journalsystem i 2023 har ført til mykje meirarbeid og i 2024 mellom anna i opplæringsarbeid
 - Det har i 2023 og 2024 vore ei stor auke i tal søkarar inn til psykisk helse og rusomsorgstenesta. Tenesta bruker omlag 70-80% stilling på forvaltningsoppgåver. Vurderingsteamet opplever at problemstillingane som brukarane søker hjelp for ikkje kvalifiserer for helsehjelp. Det er difor arbeidd for å få fram eit større mangfald av lågterskeltilbod. Det er eit aukande behov for rettleiing frå rus og psykisk helse inn mot andre tenester.
- Sjukefråvær er ei utfordring for tenestene. Det er lagt gode rutinar for oppfølging av fråvær og bruk av svangerskapspengar/ekspertbistand. Det er ikkje uvanleg at avdelingsleiarar har ansvar for 50-80 tilsette i helse og omsorg (inkludert ringevikarar) - dette er utfordrande når leiarar skal følge opp medarbeidarar tett for å få til gode arbeidsmiljø og av det mellom anna lågare sjukefråvær.
- Utvikling

- Det er fortsatt utfordringar i tverrfagleg samarbeid på tvers av einingar og sektorar. Det kan være utfordrande å få på plass rett teneste til rett tid, spesielt i forhold til brukarar som ikkje naturleg høyrer til ei eining eller ein sektor.
- Utprøving av velferdsteknologi kan fortsatt bli betre.

Viktige hendingar

- Det vart hausten 2024 vedtatt at legane ved Valestrand legekantor skulle få økonomisk avtale med kommunen frå 01.01.25
- Kommunen fekk tildelt ein ny LIS1 (turnuskandidat lege) stilling frå 2024, slik at kommunen totalt har 2 LIS1 stillingar
- Det vart vedtatt å bygge forsterka bustadar på Reigstad knytt til psykisk helse og rusomsorg
- Både Osterøytunet og Bu- og avlastingstenesta fekk nye einingsleiarar i 2024
- Frå oktober vart ein av to nestleiarstillingar vakant
- Temaplan for psykisk helse og rusomsorg vart justert og ferdigstilt til politisk behandling
- Kriteriedokumentet for tildeling av helse og omsorgstenester vart ferdigstilt i 2024. Dette er eit viktig dokument for å sikre tildeling med rett teneste, på rett nivå og med rett mengde.
- Prosjektet "Tid for handling" vil bli vidareført i 2025
- Grepa som vart gjort for budsjettåret 2024 for heimetenesta hadde særskild god effekt og førte til at tenesta hadde eit mindreforbruk i 2024.

Internkontroll

Risikovurderingar

Helse og omsorg har vore pilot i forhold til å legge inn risikovurderingar i kommunen sitt internkontroll system. Det er i 2024 utarbeidd rettleiarar i forhold til systemet som kommunen bruker.

Avvik:

Sektoren brukar det generelle avvikssystemet til kommunen. Det vart meldt inn 847 avvik i 2023 mot 1074 i 2024. Avvik skal være drøftingstema i 3-partssamarbeidet på overordna nivå og på avdelingsnivå i einingane. Dei fleste avvika kjem innan kategorien HMT (573), legemiddelhandtering (192) personskade (111) og tvang (104). Det er meldt 65 avvik som er vurdert som alvorleg. Av desse var det to som ikkje var lukka innan 31.12.2024. Det blir registrert og behandla mange avvik i helse og omsorgstenestene. Dette fører til at tenestene på sikt aukar kvaliteten på teneste på bakgrunn av tiltak som blir iverksett. Det er ikkje alltid at tenestene kan få ned tal avvik. Dette gjeld mellom anna i tenester opp mot personar med åtferdsvanskar. Det er likevel viktig å kontinuerleg arbeide med tiltak for å redusere risiko for hendingar oppstår eller redusere konsekvensane når hendingane oppstår.

Rutinar og retningslinjer

Sektoren bruker kommunen sitt kvalitetssystem Netpower for å samle rutinar og retningslinjer. Dette systemet sikrar årleg revidering av dei dokument som blir lagt inn i systemet.

Tilsyn

- Arbeidstilsynet tilsyn på Osterøytunet - avvik vart lukka i 2025
- Arbeidstilsynet tilsyn Bu-og avlastningstenesta; Avlastningstenesta, Regstad barnebustad og persplassen bustad . Alle avvik er lukka i 2024
- Statsforvaltaren i Vestland tilsyn NAV sosial på økonomisk rådgjeving våren 2024. Det er ikkje kome tilbakemelding på dette tilsynet frå Statsforvaltaren pr 11.03.25.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
400-Felles Helse, omsorg og sosial	2 906	4 523	5 409	886	16,4 %
410-Helseteneste	25 915	26 754	24 096	-2 659	-11,0 %
430-NAV sosial	14 150	19 305	15 556	-3 749	-24,1 %
501-Osterøytunet	83 507	83 186	80 979	-2 207	-2,7 %
502-Heimeteneste	53 488	52 239	53 095	855	1,6 %
503-Psykisk helse og rusomsorg	14 525	15 248	18 727	3 479	18,6 %
505-Bu- og avlastningstenesta	62 805	64 934	65 486	552	0,8 %
Sum	257 297	266 189	263 346	-2 843	-1,1 %

Kommentar til status økonomi

Sektoren totalt har eit overforbruk på 2 850 000 kroner

Felles helse, omsorg og sosial: Mindreforbruk på løn pga vakant nestleiar

Helseteneste: Overforbruk 2 700 000. Dette er hovudsakleg knytt til bruk av vikarbyrå for lege på Valestrand legekantor

NAV sosial: Overforbruk på 3 750 000. Overforbruk er hovudsakleg knytt til auke i sosialhjelpsutgifter

Osterøytunet: Overforbruk på 2 200 000. Overforbruk hovudsakleg knytt til bruk av overtid og vikarutgifter i samband med fråvær og sjukefråvær

Heimeteneste: Mindreforbruk 880 000. Heimetenesta vart prioritert i budsjettprosessen for 2024. Dette har gitt heimetenesta anledning til å iverksette ulike tiltak som har gjort at dei har klart å halde budsjettet sitt.

Psykisk helse og rusomsorg: Mindreforbruk på 3 500 000. Auka bevilging frå staten på ressurskrevjande brukarar er hovudårsaka til mindreforbruket. I tillegg har ein stilling stått vakant. Det har ikkje vore tatt inn vikar i sjukefråvær, dette utgjer også ein betydeleg sum i 2024.


Bu- og avlastingstenesta: Mindreforbruk 550 000. Årsak til mindreforbruk er den store ekstrabevilginga frå staten på ressurskrevjande brukarar. Det er viktig å merke seg at denne bevilginga gjer at eininga får utlikna store overskriddingar på kostnader knytt til løn. Dette gjeld bruk av overtid, bruk av vikarar

Oppsummering tiltak


Det vart i tertialrapporten frå september meldt om prognostisk avvik på 8 590 000. Dette var før melding om ekstra bevilgning på ressurskrevjande brukarar kom. I tillegg har helse, omsorg og sosial mindre utgifter knytt til pensjonsutgifter enn budsjettert. Dersom sektoren ikkje hadde fått desse endringane knytt til ekstra midlar knytt til ressurskrevjande brukarar og pensjons-kostnader ville overskriddingane vært omlag 10 000 000 ved årsslutt.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Osterøy 2023	Osterøy 2024	Gausdal	Sveio	Sula	Marker (2020-2023)	Hole (2020- 2023)	Stryn
Produktivitet								
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *)	1 717 075	1 787 606	1 564 554	1 414 642	1 702 520			1 668 387
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	5 827	5 879	5 053	5 653	7 718			5 045
Kvalitet								
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	96,9 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %			100,0 %

*) Inflasjonsjustert med deflator

Antall årsverk

SEKTOR HOS	2024	2023	2022	2021	2020
TAL ÅRSVERK	280,37	273,54	265,04	246,38	248,76

Kommentarer til utviklinga i antall årsverk

Kommentar til utviklinga:

Auke i helse omsorg og sosial kjem i hovudsak på bakgrunn av opning av gruppe 5 på Osterøytunet. I tillegg er det auke i personal-ressursar rund enkeltbrukarar med særskilte behov. Det er og gjort nokre justeringar ved innføring av årsturnus. Dette er gjort for å nytte eige personell opp mot ferieavvikling, raude dagar og kjent fråvære framfor å sette inn vikar.

Samfunnsutvikling

Skildring av tenesteområdet

Sektor samfunnsutvikling har ansvar for å utvikla og driva kommunen i tråd med dei kommunale planar som er vedtekne og dei politiske føringar som føreligg, men og vere ein pådrivar gjennom å vere oppdaterte og setja aktuelle problemstillingar på dagsorden.

Sektoren er inndelt i 2 hovudeiningar, teknisk forvaltning og plan og teknisk drift. Teknisk forvaltning og plan har ansvar for kommuneplanar, temaplanar og offentlege og private planforslag. Landbruk, byggjesaksbehandling og kart og oppmåling er andre viktige ansvarsområde.

Teknisk drift har ansvar for vassforsyning og avlaupssystem, kommunale vegar og eigedomsdrift for alle kommunale bygg. Vidare er ansvaret for reinhald, brann og redning og førebyggjande brannvern under denne eininga.

Sektoren har samla ansvar for alle investeringsaktivitetar i ein eigen eining investeringsprosjekt, med eigen leiar.

Sektoren arbeider og med næringsutvikling i samarbeid med Osterøy utvikling, Industrilaget og regionale aktørar, som ein del av samfunnsutviklinga.

Sektoren har stor kontaktflate mot innbyggjarane og andre offentlege og private aktørar, noko som og i stor grad påverkar arbeidskvardagen.

Året 2024

Måloppnåing - kva fekk vi til og kva fekk vi ikkje til :

Ein stor del av aktiviteten i sektoren er knytt til løpande oppgåver innan teknisk forvaltning og drift. Målsetjinga er å levera best mogleg tenester med dei ressursar me har til rådvelde. Sektoren har halde seg innanfor den økonomiske ramma me har.

Her er nokon andre viktige aktivitetar som er utførte i 2024:

- Fullført hovuddelen av prosjektet Haus vassverk, VA-leidningar Mjeldalen – Espevoll.
- Fullført prosjekt Valestrand skula; trafikkisikring, busslomme, parkering
- Oppgradering av Osterøy ungdomsskule
- Ny vassleidning Sundland - Øvre Verkane
- Arbeid med kommuneplanens arealdel (KPA)
- Utarbeidd og vedteke ny brannordning.

Sektoren har og ansvar for næringsutvikling. Dette arbeidet vert handtert av Osterøy Utvikling as, og det har gjennom året vore eit høgt aktivitetsnivå på dette området. Det vert vist til aktivitetsrapport for Osterøy Utvikling for meir informasjon.

Innan landbruksnæringa har me ei målsetjing om å arbeida meir utoverretta ein tidlegare, og me har hatt aktivitetar knytt til det, mellom anna når det gjeld hjorteviltforvaltning.

Sjukefråværet er på 5,08% akkumulerte gjennom året. Dette er ein nedgang frå 2023 kor fråværet var 11,47%. Det er særleg innan reinhald det har vore arbeidd systematisk over lenger tid for å redusera fråværet.

Meir detaljar knyta til investeringar og prosjekt finn ein i kapittel for Investeringar.

Utfordringar :

Utfordringsbiletet er mykje det same som førre år, på nokon område gradvis aukande.

Den stramme økonomiske situasjonen gjer det vanskeleg å halde vegar og kommunale bygg ved like, og etterslep på vedlikehald veks stendig. Dette gjer at denne situasjonen forverrar seg litt for kvart år, og det vert ei utfordring å prioritera mellom behova.

Investeringskapasiteten er og avgrensa, med dei utfordringane det gjev for naudsynt oppgradering og fornying.

Eit klima som er våtare og meir variabelt gjer tidvis større slitasje på våre vegar og andre eigendelar. Me ser og oftare steinsprang, tre som fell ned og mindre ras. Faren for ras generelt har auka. Me har tradisjonelt ikkje midlar til å handtera desse ekstra utfordringane. Til dømes har kostnader til vintervedlikehald av vegar auka mykje.

Sektoren er sterkt involvert i forvaltning av kommunale bustader til ulike formål, og dessutan bustader til flyktningar. Det er framleis ei utfordring at det er mangel på tilgjengelege bustader, både kommunalt eigde og på leigemarknaden.

Innbyggjarar og andre brukarar av våre tenester har ofte utfordringar og behov som er komplekse. I mange tilfelle er det behov for stor grad av samhandling på tvers av avdelingar, einingar, sektor og forvaltningsnivå. Det er ei prioritert oppgåve å arbeida vidare med å styrkja denne samhandlinga.

Sektoren har hatt ein betra ressursituasjon med færre vakansar enn føregåande år, og det har vore positivt. Det er likevel slik at når me treng å rekruttera er det særers vanskeleg å finna kvalifisert personell, ofte må ein lysa ut stillinga meir enn ein gong og rekrutteringsprosessar kan ta 6-9 månader, noko som er uheldig og krevjande. Det er difor ei viktig oppgåve å halde på den kompetansen me har.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
590-Reinhald	12 211	13 311	13 653	341	2,5 %
600-Miljø og teknikk	24 456	22 352	22 412	60	0,3 %
610-Plan	3 493	3 580	4 751	1 172	24,7 %
620-Teknisk forvaltning	4 530	5 173	5 235	62	1,2 %
Sum	44 690	44 416	46 051	1 635	3,6 %

Kommentar til status økonomi

Budsjettramma for sektoren var i 2024 på vel 46 mill kr. Samla kjem sektor Samfunnsutvikling ut med eit resultat som er ca 1,6 mill kr betre enn budsjett.

Det enkeltpostar som dreg resultatet både opp og ned, men hovudforklaringa på det positive avviket er at straum-kostnaden har vore vel 1,7 mill kr lågare enn budsjettert for.

Det er særleg to område kor me er priggitt eksterne forhold, og som kan ha stor påverknad på budsjettet; det er straumkostnaden og vintervedlikehaldet. I 2024 balanserte desse seg ut, høgare kostnader på vintervedlikehald var vel 1,6 mill kr.

Det er ei målsetjing å justera ned på nokon poster når ein ser at det vert meirforbruk på andre. Dette har me lykkast med gjennom året, og siste del av året har det vore spart inn noko som følgje av innsparingstiltak frå kommunedirektøren. Det har bidrege til at me har komme ut noko betre enn budsjett.

Oppsummering tiltak


Eining/avdeling	Tiltak	Status
Teknisk forvaltning	Felles leiar teknisk forvaltning og plan, spare 50 % stilling.	Tiltak er gjennomført, ny leiar tilsett frå april 2024.
Plan	Redusere med ein stilling – plankonsulent.	Det er ikkje funne rom for å gjennomføre dette tiltak no, grunna høgt aktivitetsnivå med KPA mm.

Årsmelding 2024



Teknisk drift Bygg	Energi-reduserande tiltak.	Det er gjennomført ei rekke med tiltak i tråd med årvisse bevillingar, og i samband med nybygg og rehabiliteringar.
Reinhald	Redusere bruk av vikarar.	Bruk av vikarar er redusert så mykje som mogleg, og bidreg til at budsjett er i balanse.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Antall årsverk

I 2024 var det 51 årsverk fordelt på 81 tilsette i sektoren.

Kommentarer til utviklinga i antall årsverk

I 2024 var det 51 årsverk fordelt på 81 tilsette i sektoren.

Dette er 1 årsverk meir enn i 2023, noko som skyldast at vakant stilling vart besett.

Det høge talet på deltidsstillingar skyldast primært tilsette innan Osterøy brann og redning, kor me har ca 30 tilsette.

Vidare har me nokon tilsette på deltid innan reinhald, elles er det i hovudsak tilsette i 100% fast stilling.

Det er tilnærma ingen bruk av vikarar i sektoren.

Årsrekneskap

Note 1 Endring arbeidskapital

Balanseregnskapet :	31.12.2024	01.01.2024	Endring
2.1 Omløpsmidler	206 152 221	230 854 677	
2.3 Kortsiktig gjeld	-134 651 868	-137 469 638	
Arbeidskapital	71 500 353	93 385 040	-21 884 687
Drifts- og investeringsregnskapet :			Sum
Driftsregnskapet			
Sum driftsinntekter			-868 015 796
Sum driftsutgifter			832 197 034
Netto finansutgifter			55 996 678
Netto driftsresultat			20 177 915
Investeringsregnskapet			
Sum investeringsutgifter			81 854 842
Sum investeringsinntekter			-64 992 767
Netto utgifter videreutlån			-18 063 940
Netto utgifter i investeringsregnskapet			-1 201 865
Endring ubrukte lånemidler (økning +/-reduksjon-)			34 483 939
Endring i regnskapsprinsipp ført direkte mot egenkapital			0
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsregnskapet			-15 507 888
Differanse (forklares nedenfor)			-37 392 575

Årsmelding 2024

Forklaring til differanse i arb.kapital :			Beløp
Avvik skyldes korrigering bruk av lån , se egen avstemming			37 392 575

Note 2 Pensjonskostnader

Føring av pensjonskostnad i kommunerekneskapen				
Det er utrekna pensjonskostnad som vert rekneskapsført utgift i kommunerekneskapen.				
Skilnaden mellom betalt premie og utrekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik. For å få rett				
utgiftsføring i høve til utrekna pensjonskostnad, vert det rekneskapsført eit premieavvik som er skilnaden				
mellom premien, som vert ført løpande i året, og pensjonskostnaden som vert rekna ut etter at året er slutt.				
Premieavviket skal seinare amortiserast (tilbakeførast) i rekneskapen, jamnt fordelt over 15 år, 10 eller 7 år.				
	KLP	SPK	SUM	
Premiebetaling 2024	53 644 311	7 480 487	61 124 798	
Årets netto pensjonskostnad (F § 13-1 bokstav C)				
Netto pensjonskostnad er kostnaden for pensjonsoppteninga siste år, etter frådrag for ei teoretisk avkastning. Utrekninga er gjort av pensjonsselskap og følger føresetnadene i rekneskapsforskrifta og KR.D.				
	KLP	SPK	SUM	
Årets pensjonsopptening, noverdi	41 415 281	5 742 169	47 157 450	
Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting	35 192 627	2 437 483	37 630 110	
Venta avkastning på pensjonsmidlane	-37 977 068	-1 603 056	-39 580 124	
Administrasjonskostnad	1 661 108	210 000	1 871 108	
Netto pensjonskostnad (inkl adm)	40 291 948	6 786 596	47 078 544	
Premieavvik				

Årsmelding 2024

Premieavvik er skilnaden mellom innbetalt premie, og netto pensjonskostnad inkl administrasjonskostnad. Akkumulert (oppsamla) premieavvik er justert for amortisering tidlegare år.			
	KLP	SPK	SUM
Årets premieavvik	-13 352 363	-693 891	-14 046 254
Netto premieavvik tidlegare år	56 444 279	2 608 437	59 052 716
Resultatføring av 1/7 av tidl års premieavvik	10 999 889	215 272	11 215 161
Akkumulert premieavvik	58 796 753	3 087 056	61 883 809
Arbeidsgjevaravgift	8 290 342	435 275	8 725 617
Balanseførte forpliktelsar og midlar pr. 31.12. (F § 13-1 bokstav E)			
Brutto påløpt forpliktelse er den totale pensjonsforpliktinga kommunen har pr 31.12 for yrkesaktive, pensjonistar og fripoliser. Pensjonsmidlar er alle midlane kommunen har avsatt til pensjonsføremål til dei samme. Midlar er både premiereserve, tilleggsavsetjing, kursreguleringsfond og evt innestående på premiefond. Netto forplikting syner at ein del av pensjonsforpliktinga ikkje er innbetalt eller rekneskapsført, i hovudsak AFP.			
	KLP	SPK	SUM
Brutto påløpt forplikting	895 112 929	69 116 801	964 229 730
Pensjonsmidlar	888 008 140	45 314 701	933 322 841
Netto pensjonsforplikting	-7 104 788	-23 802 100	-30 906 888
Arbeidsgjevaravgift	-1 001 775	-3 356 096	-4 357 871
	KLP	SPK	SUM
Bruk av premiefond 2024	22 047 717	0	22 047 717
Saldo premiefond pr.31.12.2024	1 626 308	0	1 626 308
	KLP	SPK	
Føresetnader for utrekningane			
Venta avkastning på pensjonsmidler (F § 13-5 bokstav F)	4,50 %	4,00 %	
Diskonteringsrente (F § 13-5 bokstav E)	4,00 %	4,00 %	
Venta årleg lønsvekst (F § 13-5 bokstav B)	2,97 %	2,97 %	

Årsmelding 2024

Venta årleg G- og pensjonsregulering (F § 13-5 bokstav C og D)	2,97 %	2,97 %	
--	--------	--------	--

Note 3 Garantiansvar

	Debitor	31.12.2024	31.12.2023
Nordea	Osterøy IL	1 174 899	1 423 985
KLP	BIR (2,54%)	3 552 631	3 684 210
Langsiktig lånegjeld	Region Nordhordland helsehus IKS	72 455 000	74 368 000
SPV	Osterøy Turlag	1 025 175	0
SPV	Valestrand Hjellvik fotballklubb	4 273 526	4 273 526
SPV	Osterøy idrettslag	4 000 000	4 000 000
SPV	Fotlandsvåg Idrettslag	650 000	3 300 000
Totalt		87 131 911	91 049 721

Note 4 Fordringer og gjeld til kommunale foretak og verksemder

Fordringer -gjeld kommunale foretak	Beløp	Rentesats
-------------------------------------	-------	-----------

Årsmelding 2024

Ansvarleg lån til Osterøy utbygging AS	5 000 000	3 mnd Nibor + 0,6 %
--	-----------	---------------------

Note 5 Avsetning og bruk av fond

Bundne driftsfond - kap. 251	2024	2023
Beholdning pr.01.01	13 603 081	16 039 080
Bruk av bundne driftsfond i driftsregnskapet	5 023 244	6 410 727
Bruk av bundne driftsfond i investeringsregnskapet		
Avsetning til bundne driftsfond	4 449 981	3 974 728
Korrigerer		
Beholdning pr. 31.12	13 029 818	13 603 081
Ubundne investeringsfond - kap. 253	2024	2023
Beholdning pr.01.01	27 268 538	27 138 129
Bruk av ubundne investeringsfond i investeringsregnskapet	19 628 744	
Avsetning til ubundne investeringsfond	11 622	130 409
Beholdning pr. 31.12	7 651 416	27 268 538
Bundne investeringsfond - kap. 255	2024	2023
Beholdning pr.01.01	1 226 938	1 226 938
Bruk av bundne investeringsfond i investeringsregnskapet	249 579	
Avsetning til bundne investeringsfond	21 068 566	
Korrigerer		
Beholdning pr. 31.12	22 045 925	1 226 938
Disposisjonsfond - kap. 256	2024	2023
Beholdning pr.01.01	17 220 192	39 620 819

Årsmelding 2024

Bruk av disposisjonsfond i investeringsregnskapet		
Bruk av disposisjonsfond i driftsregnskapet	17 220 192	22 400 627
Avsetning til disposisjonsfond		
Beholdning pr. 31.12	0	17 220 192
Samlet avsetning og bruk av fond i året	2024	2023
Beholdning pr.01.01	59 318 748	84 024 965
Bruk av avsetninger	42 121 759	28 811 354
Avsetninger	25 530 169	4 105 137
Netto avsetninger (Negativt tall betyr netto forbruk)	(16 591 590)	(24 706 217)
Beholdning pr. 31.12	42 727 158	59 318 748

Note 6 Bundne driftsfond

Bundne driftsfond -	2024	2023
med saldo pr. 31.12.23 for fond som og har saldo pr. 31.12.2024		
Til slamtømming	-1 793 817	-760 513
VILTFOND	-1 352 204	-1 417 329
Osterøytunet felles	-1 036 590	-1 080 688
Tilskot til systematisk ide	-900 000	-900 000
Alis avtaler(veiledning lege)	-695 422	
Styrking helsestasjon	-641 360	
Til feiing	-623 544	-453 462
Osterøytunet gr. 4	-558 993	-762 707
Kompetanseløftet 2023	-450 000	-900 000
Tilskot til etablering/tilpassing husbanken	-434 394	-363 517
Oppvekststilling i regionen	-400 000	

Årsmelding 2024

Minoritetsspråklege barnehage	-355 068	-147 399
Inkluderande familiearbeid	-323 687	-276 282
Matpengar Valestrand Skule	-318 619	-165 940
Den kulturelle skulesekken	-266 184	-330 397
Rekompmidlar 30%barnehage	-243 544	-48 522
Symjeopplæring barnehage	-236 215	-20 521
Open møteplass for ungdom	-226 955	-226 955
God fritid for alle	-159 729	-159 729
Matpengar Lonevåg skule	-157 834	-84 757
Temaplan for naturmangfald	-148 812	-148 812
Fond oppmåling	-135 230	
Musikal OUS	-134 114	-59 400
Matpengar Haus Skule	-114 116	-63 414
Aktivering eldre dagavdeling Osterøytunet	-104 552	-104 852
Indikatorer for klimatilpasning av bygninger og infrastruktur i kommuner	-99 192	-99 192
Osterøy ungdomstaxi	-96 482	
Kunstprosjekt handtverksløftet	-96 451	
SFO-nærmiljø/folkehelse Lonevåg	-65 000	-65 000
Prosjektmidlar frivillig	-63 934	-200 000
Bibliotek og helsestasjon	-58 200	-75 000
Matpengar Hauge barnehage	-49 598	-45 525
Elevråd OUS	-49 213	-65 001
Matpengar Fotlandsvåg Skule	-47 439	-23 161
Osterøytunet bufellesskap	-45 963	-50 492
Havråttunet - innvendig brannvarsling	-45 353	-121 616
Osterøytunet gr. 7	-44 853	-37 493

Årsmelding 2024

Osterøytunet gr. 5	-37 451	-52 818
Fondsmidler Valestrand skule	-36 236	-36 236
Utstyrsprosjekt kulturskolen	-35 247	
Haus skule elevråd	-32 762	-34 682
Til renovasjon	-32 662	-16 350
Haldorvika pengegaver	-31 171	-35 358
Osterøytunet gr. 2	-31 166	-36 758
Osterøytunet gr. 3	-30 122	-32 667
Matpengar Valestrand Barnehage	-29 334	-10 740
Osterøytunet gr. 1	-27 985	-29 065
Matpenger Haus barnehage	-25 994	-39 149
Prosjektmidler Fotlandsvåg skule	-21 828	-32 830
Osterøytunet gr. 6	-20 963	-27 886
Fondmidlar Haus skule	-18 182	-40 951
Formidlingsprosjekt nasjonalbiblioteket	-17 639	-17 639
Matpengar Fotlandsvåg Barnehage	-16 605	-13 114
Gåve Norges Taxiforbund	-6 577	-15 000
Trivseltiltak	-5 230	-11 189
De-komp midler valestrand skule	0	-100 381
Vaksenopplæring	0	-50 119
Tilretteleggingsmidler Fotlandsvåg barnehage	0	-50 000
Driftsfond kultur og mangfald	0	-50 000
Flyktningemidler Hauge barnehage	0	-48 726
Pårørandenemnda på Osterøytunet	0	-31 226
Flyktningemidler Haus Barnehage	0	-15 841
Friluftskart	0	-34 879
Rekompmidler Valestrand barnehage	0	-24 900

Årsmelding 2024

Ungdomsråd	0	-24 562
Tiltak bedre læringsmiljø grunnskule	0	-20 591
Kompetanseutvikling i psykisk helse i skule	0	-13 236
Miljøplan Elvemusling	0	-10 000
Gåve brann, redning	0	-6 437
Fond Byggesak	0	-263
Funk mottak desember 2019	0	-879 146
Sårbaranalyse	0	-500 000
Dekomp midler skule	0	-288 089
Kommunalt rusarbeid	0	-256 000
Kommunale vegar rehabilitering	0	-218 710
Rekompmidlar Haus barnehage	0	-183 605
Tilretteleggingsmidler barnehage	0	-155 000
Midlar frå Osterøy Utvikling	0	-140 804
Rekomp midler Hauge Barnehage	0	-121 298
Kompetansemidler barnehage	0	-98 390
Vidareutdanning barnevern	0	-87 000
Kompetanseutvikling i skulen	0	-75 003
Flyktningemidler Valestrand Barnehage	0	-64 339
HVL-pilot barnehage	0	-62 117
Rekompmidlar Lonevåg barnehage	0	-51 000
Asfaltering corona midler		-43 482
Næringssamarbeid i Osterfjordregionen		-36 715
Flyktningsressurs Barnehage		-72 661
Tilskot sårbare barn barnehage		-48 455
	-13 029 815	- 13 603 083

Note 7 Aksjer og andeler

Selskap	Eigardel	2024	2023
Eigenkapitalinnskott KLP		24 555 756	22 770 929
Opro AS	100 %	50 000	50 000
Osterøy Utvikling AS	100 %	4 490 596	4 490 596
Osterøy Aktiv AS	100 %	100 000	100 000
BIR AS	2,54 %	1 275 000	1 275 000
Regionrådet Nordhordland IKS	16,60 %	164 733	164 733
Vann Vest AS	5,56 %	5 000	5 000
Diverse mindre andelar		31 050	31 050
Andel Fotlandsvåg Helselag Servicebygg		500 000	500 000
Sum		31 172 135	29 387 308

Note 8 Kapitalkonto

	2024	2023
Saldo kapitalkonto 1.1.2024	274 669 370	208 949 154
Økning av kapitalkonto (kreditposter):		
Aktivering fast eiendom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmidler	72 232 497	163 164 420
Reversert nedskrivning eiendom,anlegg, utstyr, maskiner og transportmidler	0	
Kjøp av aksjer/andeler	0	-
Reversert nedskrivning aksjer/andeler	0	
Utlån	21 626 562	13 987 213
Avdrag på eksterne lån	33 172 318	33 553 195
Endring pensjonsforpliktelser (reduksjon)	59 703 426	
Endring pensjonsmidler SPK	3 816 478	4 809 593
Endring pensjonsmidler KLP		58 880 908

Årsmelding 2024

Endring pensjonsmidler andre selskap		
Aktivert egenkapitalinnskudd KLP	1 784 827	1 672 615
Reduksjon av kapitalkonto (debetposter):		
Salg av fast eiendom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmidler	631 973	323 853
